

Jutulsen

2012

Årgang 16
Årsskrift frå Vågå Historielag



Jutulsen

2012

Årgang 16
Årsskrift frå Vågå Historielag

Redaktør: Knut Raastad

Tilrettelegging for trykk: Visus, Lom
Trykk: Dalegudbrand trykkeri

Vågå Historielag vil rette stor takk til alle som har medverka til utgjeving av Jutulsen 2012. Fyrst og fremst takk til artikkelforfattarane som har kome med interessante, lokalhistoriske artiklar med stor breidde i tema og tid. Vidare går takken til dei som har lånt ut bilete, til annonsørane og ellers andre som har gjeve god hjelp.

Framsida: Trond Eklestuen som budde på Ulsanden samla ein god del til Anders Sandvig og Maihaugen. Biletet av «Skrap-Trond» (med bodstikke i handa?) er frå Klones i 1896. Fotoutlån: Grete Steigen, Alvdal.



*«Strammen» på toppen av taugbana mellom Bårstad og Sel.
Foto: Knut Raastad.*

Innhald

Knut Raastad: Veta – varsling om ufred	6
Ola Grøslund: Slaget i Kringen. Kva for rolle spelte musikken	8
Merkestein LNo 32 søndre Blessum	14
Kristian Hansen: Olaug Hansens liv og hennes billedveving	15
Ivar Teigum: Tid for seterferd, pause ved Kløvjingsteinen	22
Vegard Veierød: Utlagte setrer på Laingstulen	24
Helene Hovden: Gamal kyrkjegard	28
Gunnar Ottosen: Prester i Vågå sogn, etter 1745	30
Trond Røhnebæk: Bjerregaard, <i>Den kronede nationalsangs far</i>	42
Gunnar Ottosen og Knut Raastad: Bjerregaard og Lundh i Vågå	48
Braatelykke under Uleberg	55
Arve Danielsen: Ei elv – tre bruer	56
Erik Holø: Frels meg fra Finna	59
Solrun S. Snilsberg: Slutt etter 103 år	64
Kristian Hosar: Professorens kloke Norddølar	66
Knut Raastad: Ein utvandrar – som kom att	69
Knut Raastad: I fyrste verdskrigen	78
Elin Hestdal Grev: Treskjæring i Nordherad	82
Ola Grøslund: Fela etter gammel-Ringnesin	91
Vågå Historielag: Årsmelding 2011	92

Veta – varsling om ufred

Av Knut Raastad

*1) Herr Zinklar drog over salten Hav,
Til Norrig hans Cours monne stande;
Blant Guldbrands Klipper
han fant sin Grav,
der vanked så blodig en Pande.
- Vel op før Dag,
de kommer vel over den Hede.*

*10) Baunen lyste og Budstikken løb
Fra Grande til nærmeste Grande,
Dalens sønner i skjul ei krøb
Det måtte Hr. Zinklar sande.*



Pål Flatum på Vetahaugen

Sinklarvisa av Edvard Storm har 19 vers, i 10. vers er det nemnd at «Baunen lyste». Etter bokmålsordboka er *baun* eit bål som vart tenda på fjelltoppar for å varsle fiendlege angrep. Dette blir til vanleg kalla *veta*.

Varsling om ufred i gammel tid vart gjort ved at bodstikker vart senda frå gard til gard og frå bygd til bygd. Ei varslingsmetode som gav raskare varsling var ljossignal frå fjelltopp til fjelltopp. Veta blir ofte omtala som varde, men må vel helst kallast ved-varde. Vetaen var oppbygd som ein forberedt bål plass som vart brukt for å varsle ufred. Når ufred truga vart vetaen bemanna, og ved eit eventuelt angrep vart bålet tenda slik at melding kunne sendast over store distansar.

I Norge er det kjend at det vart bygd veta i eit rike i Hordaland midt på 600-talet. Vetabygging og veta-teneste er kjend frå Håkon den godes tid på 900-talet og fram til fyrst på 1300-talet. Veta og vetavakt er omtala i Gulatingslova, seinare er det kome til vetastugu for dei som skulle halde vakt. Det var eit varslingsssystem langs heile kysten, og likeeins frå kysten og innover i landet. Under Christian IV på 1600-talet, vart trusselen frå Sverige avgjerande for plasseringa av vetaene. Systemet

vart nå lagt frå svenskegrensa innover Austlandet og Trøndelag, med avgreiningar innover dalføra. Reglar om vakthald ved vetaene vart innskjerpa att ved utbrotet av Gyldenløvefeiden i 1675. Vetaene vart deretter brukt i Den store nordiske krig frå 1700 til 1721 og deretter i krigsåra frå 1807 til 1814.



Kart frå Oppland fylkeskommune, kulturvern.

I Gudbrandsdalen er det kjend 24 veta-plassar. I Vågå var det to, det er Vetahaugen innanfor Flatum øvst i Kveom og Hansberg ovanfor Bårstad i solsida på Lalm. Frå Hansberg er det fri sikt til Vetahøa på austsida av Gudbrandsdalen ved Otta. Frå Vetahaugen gjekk signalet til ein veta på Høgkollen i Lom, den neste vestafor var på Tronoberget på solsida ved Fossbergom.

Kjelde: *Wikipedia*.

Slaget i Kringen 1612.

Kva for rolle spelte musikken?

Av Ola Grøslund

Slåttetradisjonen i dag

Slaget i Kringen i den 26. august i 1612 er ei hending det har spunne seg mange forteljingar rundt og er knytt mykje munnleg tradisjon til. Slik er det og innan folkemusikken. I kvar bygd frå Midtdalen og nordover er det slåttar sett i samband med denne hendinga.

Det er frå heller enkle tonar knytte til Pillarguri, til lengre og meir samansette leikar som gjerne framstiller ein musikalsk dialog mellom skottane på sekkepipe og Pillarguri som spelte på horn oppe på Selsjordskampen eller Pillarguritoppen. I desse leikane finn vi da både innslag som liknar sekkepipe, og gamalt tonestoff der naturtoneskalaen er framtrudande. Eller sagt på ein annan måte, frå friske krigsmarsjar til vemodige naturtonar. Nemningar som Pillarguri-slått eller –halling, Goroleikje, Sinclairmarsj eller – halling går gjerne att.

Kva fortel segnene?

I fleire av bøkene til Ivar Kleiven finn vi levande og detaljerte framstillingar av segner knytt til 1612. Ein av dei første som skreiv ned slike segner, var derimot presten H P S Krag, sokneprest i det gamle Vågå prestegjeld i perioden 1830 – 42. Om Pillarguri fortel Krag at ho var god til å blåse i stut- og bukkehorn. Denne augustdagen i 1612 vart ho beden om å stille seg opp på Selsjordskampen slik at ho kunne sjå mykje av dalen og følgje med i framrykkinga til skottane. Når den skotske troppa passerte ein avtala stad, skulle ho blåse i hornet, både for å gje signal til bøndene som låg på lur, og avleie merksemda til skottane frå åtaket som nærma seg. Bøndene skulle ha laga ei svær tømmervelte som gjorde ende på mange skotske soldatar. Blant alle som hadde møtt fram, var det òg ein del spelemenn. Dei vart vitne til at dei skotske soldatane spelte krigsmarsjar på sekkepipe, medan Guri svara på pillarhorn, truleg bukkehorn, frå fjelltoppen.

Fleire av dei gamle spelemennene, t.d. Ola Eide og Rikkar Skjelkvåle, fortalde at spelemenn låg bak tømmervelta og hørde musikken. Slåttane lærde dei, og dei har vore i tradisjonen seinare. I ein versjon høyrer vi til og med at toga som heldt velta, blir kappa av.

Ei historisk segn fortel korleis miljøet tolka og forklarte det som skjedde. Her ligg utan tvil ulike psykologiske forklaringar og tolkingar under, både for å forklare korleis bøndene greidde å overvinne ein skotsk leigehær, og for å reinvaske eit vondt samvit for bakhaldsåtak og nedslakting ved å tillegge skottane ei ekstra brutal framferd.



Kringen-støtta av Kristen Holbø viser Pillar-Guri som spelar på lur. Etter segna fekk Guri garden Pillarviken på Lalm. Foto: Geir Neverdal.



Postkort frå Kringen 1912.



Frå Otta 1912. Fotoutlån: Dag Aasheim.

Kva er historisk sanning?

Det grunnleggjande spørsmålet blir da: Kva er den historiske sanninga, og kva er tolkingar og forklaringar til folket? Historisk eller psykologisk sanning, eller for å spissformulere: sanning eller myte? Eit enkelt svar på det er at vi eigentleg veit lite sikkert om det. Vi må tolke alt materialet ved å bruke kritisk og sunn fornuft og leggje vekt på det sannsynlege. Dette reiser naturleg nok fleire sentrale spørsmål: Er Pillarguri historisk? Marsjerte dei skotske soldatane etter sekkepipedemusikk, og var det ein slik musikkdialog mellom dei og Guri? Kva for instrument brukte spelemenn her i bygdene først på 1600-talet? Kan slåtte-tradisjonen knytt til slaget førast attende til 1612?



Fotoutlån: Dag Aasheim.

At det har funnest ei kvinne med oppnamnet Pillarguri, er vanskeleg å dokumentere, men det er ikkje urimeleg. Iallfall føyer nemninga seg inn i ei rekkje liknande namn: Dansar-Eli, Blind-Marit, Fel-Jakup osv. At ei eventuelt historisk Pillarguri har spelt ei helterolle under slaget i Kringen, er lite sannsynleg. Pillarguri er sett i samband med slaget i dei siste 200 åra (jfr Sjur Lonbakken), for seinare å bli ein viktig symbolfigur. Skotske troppar marsjerte gjerne etter sekkepipemusikk, så denne delen av tradisjonen verkar sannsynleg. Likevel er det ein hake her: Er det slik at planen deira var å koma seg over til Sverige raskast mogleg utan å vekkje oppsikt, stiller det seg annleis. At det vart ein slik musikkdialog mellom Guri og skottane, er difor òg svært tvilsamt. Guri på Selsjordskampen med horn liknar på eit typisk segnmotiv. Sett frå eit militærstrategisk synspunkt kan det derimot verke meir logisk med bl. a. behovet for varsling og avleiing. Likevel hadde nok ikkje dølane all verda tid på å planleggje og organisere alt dette før skottane kom.

Med omsyn til folkemusikkinstrument her i bygdene på den tida er spørsmålet om den tyske fela hadde avløyst mellomalderfelene, enklare instrument med færre strenger? Ivar Kleiven skriv i boka *I skottåre* at fela fyrste gongen var høyrd i nettopp dette året. Ein tenestegut frå Lalm var eit ærend i hytta til nokre tyske falkefengjarar ved Mela, og dei spelte på fele. Usannsynleg er det ikkje, for vi går ut frå at denne type fele kom i bruk her først på 1600-talet. Elles er det heller ikkje usannsynleg at sekkepipa var kjent i bygdene her så seint som på 1600-talet.

Sjølv om det ikkje er nokon bevart tradisjon i dag, er det dokumentert at ho har funnest (Sjå Løchen s 69). I Dalarne i Sverige er sekkepipa framleis brukt i gammal tradisjon.

Korleis har slåttane opstått?

Kva så med all slåttetradisjonen knytt til denne hendinga? Ja, sei det. Rolf Myklebust, sjef for folkemusikkavdelinga i NRK frå 1952 til 1978, var i Skottland og undersøkte i kva mon skotske sekkepipeutøvarar kjende att den sekkepipeliknande musikken i slåttematerialet. Dette var temaet for eit folkemusikkprogram der bl. a. Ola Eide spelte leikar.

Attendemeldinga Myklebust hadde fått, var ikkje eintydig. Sjølv om konklusjonen var heller skeptisk, var det element særleg i ein versjon, ei nedskrift av L M Lindemann som skottane kjende seg att i. Det er forresten den same som Goroleikjin Erling Kjøk spelte i form etter Ola Nystugun.

Folkemusikkforskarane meiner at dette slåttmaterialet er såkalla sekundærtradisjon, altså knytt til den historiske hendinga seinare. Kan ein tenkje seg ei slik forklaring? Av dei rundt 400 bøndene som hadde samla seg i Kringen denne augustdagen i 1612, var det sjølv sagt også spelemenn. Dei vel 300 skotske soldatane som kanskje spelte og marsjerte etter sekkepipemusikk, gjorde naturlegvis eit sterkt inntrykk som festa seg i minnet. Dette vart eit tilskot til mykje folkemusikkstoff som fanst frå før, og da vart det fritt fram for kreative spelemenn å setja saman og forme ut. Vemodige naturtonar frå ein rik lokal tradisjon kopla i hop med tonar som imiterer sekkepipe.

Dansen skotsk, rotaliv og gardsnamn

Til slutt nokre kommentarar til andre element som segnene dels set i samband med 1612: Skotsk er ei nemning for ein spesiell måte å danse polka på, og ei lokal nemning her er husk (t. d. Vårdalshusk). Ein del leikar som er særleg eigna for denne dansemåten, blir da kalla skotsk. At dette har samband med 1612, stemmer sjølv sagt ikkje. Polkaen, og dermed skotsken, vart ikkje kjent i bygdene her før i siste halvdel av 1800-talet. At namnet og dansemåten har samband med skotsk dans og musikk, seier seg derimot sjølv.

Kontakt mellom England - Skottland og Norge har det vore mykje av både før og etter 1612. Berre for å ta ei par døme: Den store utvandringa til Amerika, som særleg skaut fart frå 1860- åra og utover, kom til å styrke slik kontakt. Mange gjekk på amerikabåten i Liverpool og måtte gjerne vente her nokre dagar. Skottar og nordmenn kunne òg slå seg ned nær einannan i t. d. Minnesota og Dakota. Ei anna kontakt eg kan nemne, er av heimleg karakter. Den mest kjende spelemannen på durspel var Ola Kampen (1862 – 1944). I yngre år var han turistfører ved Bessheim i rundt 20 år, og treffe sjølvstøtt mange engelske og skotske turistar. Sikkert er det at det var musikkutveksling her.

Rutalivet har nok òg skotsk opphav, men det er svært tvilsamt om dette har noko å gjera med slaget i Kringen. Namn som *Skotte* på Lesja og *Skottlie* i Vågå set segnene i samband med at skottar busette seg her etter 1612. Den forklaringa held nok ikkje. Dette er typiske naturnamn for noko som skyt fram i terrenget, t.d. ein bergehammar.

Som ein konklusjon vil eg seia at vi veit lite sikkert kva som skjedde for snart 400 år sia. Det meste er segner, som har festa seg så godt i medvitet til folk at mange trur det er slik det var. Vi må sjølvstøtt vera kritiske, men samstundes verdsetja den kulturarven vi har gjennom desse segnene. Dei speglar tolkingar og oppfatningar og er ein viktig del av tradisjonen vår.

Kjelder:

Ivar Kleiven: *I gamle dågå og I skottåre.*

Ulike folkemusikkprogram i NRK.

Årbok for Gudbrandsdalen 2008: Artiklar av Ivar Teigum og Sjur Lonbakken.

Leif Løchen: Frå skorofele til salmodikon (Nord-Gudb.dal folkemusikkarkiv 2000).

Samtaler, m. a. med Knut Raastad.



Merkestein LNo 32 søndre Blessum

Denne steinen står ved nordre Rusten ved den nye vegen over Selsrusta. Det er vegvesenet med hjelp av Harald Rusten som har flytta den frå den gamle vegen. Ved nordre Rusten gjekk gammelvegen like nedanfor den nye, og Harald Rusten opplyser at steinen stod ved det gamle gjerdet. Steinen stod altså beint nedanfor der den står nå.

Det var før vanleg at vegar var delt i roder, og at kvar gard hadde ansvaret for å vedlikehalde sin del. Steinen ser ut til å vera merke for LNo 32 søndre Blessum, løpenummeret stemmer med det nummeret som var brukt før dagens gardsnummer på sygard Blessom. Nedst på steinen ser det ut til å stå 546 m. Dette tyder på at sygard Blessom hadde ansvar for vedlikehald av 546 meter av vegen, og at dette starta ved denne steinen. Men om retninga var mot Sel eller nedover mot Holongsøyen er uvisst. *Foto: Knut Raastad.*

Litt om Olaug Hansens liv og om hennes billedveving

Av Kristian Hansen

Kåseri i Vågåmo 10.6.2011 under "Vågå Dågå"

Det gleder meg at man under "Vågå Dågå" har valgt å stille ut billedtepper som min mor, Olaug Hansen, har vevet, og at man ønsker å høre litt om henne og hennes livsverk, for vi i familien er stolte av henne.

I programmet står at jeg skal holde foredrag, men jeg vil kalle det et kåseri, som er litt mindre høytidelig og inneholder endel sidesprang. For sammenhengens skyld må jeg gjenta litt av det som står i et kort notat som jeg har skrevet, og som er oppslått og ligger utlagt her.

Kan alle høre meg? Hvis ikke må dere rope. Men kanskje jeg da risikerer det samme som hendte én foredragsholder. En tilhører ropte "høyere", en "langsommere", og så var det en som ropte "morsommere".

Olaug ble født den 30. september 1892 på Ringsaker, hvor hennes far, Per Foss, var meieribestyrer, og hun var den eldste av fem søsken. Hun gikk på middelskole i Lillehammer og tok toget frem og tilbake hver dag. Senere flyttet familien til Kristiania, og der traff hun Kristian Hansen, født juledag 1895, oppvokst i Vikersund på Modum. De ble forlovet, gift i 1919, fikk tre barn, Sigrid, Kristian, det er meg, og Karin.

Far arbeidet i shipping, og i mars 1922 flyttet han med familien til Helsingfors, Finland, hvor han skulle være representant for tre norske rederier, som hadde skip i fart på Finland. Sigrid var da halvannet år gammel, jeg et halvt og Karin ble født ti måneder senere i Helsingfors. Etter en tid startet Far og drev sitt eget rederi med skip under finsk flagg, og han ble også utnevnt til honorær norsk konsul i Helsingfors.

På Odden

Tidlig på høsten 1939 reiste Far rundt i norske fjelltrakter for å finne et sted han kunne kjøpe, og han valgte Odden ved vannet Flatningen her i

Vågå. Som bosatt i utlandet syntes han det ville være hyggelig å ha et fast punkt i Norge, og et sted hvor han kunne dra for å fiske, for han var ivrig fisker.

Foregående eier, generalkrigskommissær Jens Bratlie, - man må være edru for å uttale den titelen – altså generalkrigskommissæren, som hadde vært statsminister en kort tid i 1912/13, brukte Odden som feriested, men før det var det en fjellgård, hvor det bodde folk fast. De første som bodde der, drev for øvrig litt kafévirksomhet. Vinterveien fra setrene ved Randsverk og andre steder til bygda gikk nemlig over Odden ned på Flatningen, og de som kjørte høy og tømmer, stanset ofte og kjøpte en kopp kaffe og noe attåt av fru Odden.

Senere høsten 1939 gikk Sovietunionen til angrep på Finland, og bombet bl.a. Helsingfors. Familien flyttet da til Norge, dvs. enkelte av oss var kommet hit tidligere. Den fikk seg en leilighet i Kirkeveien i Oslo - og i den skulle Mor bli boende i nesten 50 år.

Den 9. april 1940, like etter påske, da vi hadde vært på Odden for første gang, kom krigen til Norge og den ble lang. Jeg tror Far syntes det ble trangt i leiligheten, for han og Mor tilbragte store deler av krigsårene på Odden, hvor Gunhild Valdvik fra Tessand, senere gift med Asmund Tøfte fra Darthus, stelte for dem. Når Mor og Far ikke var der, bodde Gunhild der alene, også midtvinters, så hun var en modig, ung dame.

Billedveving

Høsten 1946 døde Far plutselig, så Mor ble enke 54 år gammel. Mor hadde alltid vært flink med allslags håndarbeide. I Helsingfors begynte hun å veve, men det var hovedsakelig ryer hun vevet, vakre finske ryer og et par orientalske. Men hun vevet ett billedteppe, og det var etter en kjent kartong av Gerhard Munthe fra omkring 1905. Det heter "Mørkræd", og forestiller fire jenter i nattlinnet i et nokså mørkt rom. De står og titter ut av vinduet, hvor det er ennå mørkere, og ser meget redde ut. Der er en tekst: "Det ruskar i ro, det trillar i tro, for en trinnan ligger i trararo". Vi klarte aldri å finne ut hva det skulle bety, men det var et samtaleemne når vi hadde gjester. En gjest mente at den siste delen av teksten, "for en trinnan ligger i trararo", måtte bety at en purke holdt på å føde grisunger, og at foreldrene var ute i grisehuset, og hadde latt jentene være alene i den mørke stuen. Er det noen her som har et



«Musikantene øver før Haakon Vs bryllup på Akershus slott». Kartongen er malt av Kåre Jonsborg. Foto: Norman Hansen Meyer.

bedre forslag? Det teppet er nok ikke vevet av spelsau-ull og heller ikke av garn spunnet og farvet av Mor, men det er riktig pent.

Det var etter at hun ble enke at hun gjenopptok vevingen, og da var det billedvev hun ville konsentrere seg om. Hun tok kontakt med A/S Norsk Billedvev hvor Else Halling var sjef og hadde med seg flere andre dyktige veverker. De vevet på bestilling til dels meget store billedtepper til Stortinget, Akershus, forskjellige rådhus, hoteller, kirker og andre steder. Mor spurte om Else Halling ville lære henne gammelnorsk veveteknikk, og Else Halling svarte at hvis Mor først lærte å spinne, skulle hun tenke på det.

Aase Ljosne fra Skogbygda, senere gift Flugstad, sommernabo ved Flatningen, viste hvordan man spinner vanlig ull, og siden hadde Mor én time på Kunstindustriskolen for å lære spinning av spelsau-ull, som har en litt annen teknikk. Så var hun utlært.

Da var Else Halling villig til å undervise, og Mor lærte mye av henne om oldnorsk billedveving og om farving med naturfarver. Hun måtte avlegge prøve på sin vevekunst, og ble godkjent. Else Halling introduserte også Mor hos kunstmalere som var spesialister på kartonger til billedvev. En kartong er som et maleri, men med en stilisert, litt kantet tegning, klare skiller mellom fargene, og med farver tilpasset dem man får av planter. Den krever inngående kjennskap hos kunstneren til veveteknikken.

Det var tre kunstnere som malte kartonger for Mor, nemlig Kåre Jonsborg, Bjarne Rise og Håkon Stenstadvold. Else Halling gikk god for at Mor var flink nok. Kunstnerne ville nemlig ikke la hvem som helst bruke deres kartonger, for det ferdige teppe er selvfølgelig et resultat av samarbeidet mellom kunstner og kunsthåndverker. Under vevingen kom kunstneren iblant på besøk for å se at veveren brukte riktige farver og kunne eventuelt be om at noe måtte sprettes opp igjen, men jeg tror ikke det hendte Mor.



Olaug Hansen ved veven. Bilde avfotografert av Norman Hansen Meyer.

Mor kjøpte kartongene av kunstnerne, og det betyr at det bare finnes ett teppe etter hver kartong. En unntagelse er Jonsborgs ”Blomster og vekster”, som min søster Karin også har vevet. Men Mor brukte ofte deler av kartongene som mønster for sine små tepper. Hun lot alltid kunstnerne selv velge motiv for sine kartonger. Jeg har et par av kartongene på veggen hjemme hos meg; de er pene også som malerier. Bjarne Rise og hans kone var noen ganger på besøk på Odden, og jeg har to akvareller som han ga Mor som takk for oppholdet, en av seteren Tuvstulen og en av utsikten over Flatningen.

Mor holdt ikke spelsau i sin leilighet eller på Odden, og hun malte ikke kartongene selv, men ellers gjorde hun alt. Noen måneder hver sommer på Odden kardet og spant hun på sin mormors gamle rokk, fant planter og farvet garn, og resten av året vevet hun, spant og farvet garn i leiligheten i Oslo.

Hos A/S Norsk Billedvev var man ikke fornøyd med gulfarven man brukte, lavet av revebjelle. Den var ikke frisk nok og ga en dårlig grønnfarge når den ble blandet med blått. En islandsk elev ved Kunstindustri-skolen kunne fortelle at man på Island brukte bladene av en art salix, det er pil. I Norge finnes 32 forskjellige arter salix, men ved hjelp av en botaniker fant man ut at det dreiet seg om en som på norsk heter grønnvier. Så viste det seg at den arten vokser på Odden. Mor rekrutterte ikke bare sine barnebarn, når de var der på ferie, men barn fra setrene rundtomkring, til å plukke salixblader. Barna syntes det var moro, og så tjente de en slant. Kanskje noen av dere som er tilstede her, var med på det? Siden lå det salixblader til tørk på stabburgulvet, i badstuen, overalt. Det Mor ikke brukte selv av de tørre bladene, ble pakket i sekker, tatt med til Oslo om høsten, og gitt til Else Halling, som var meget takknemlig for det.

Mor var meget flittig. En gang sa hun at det hadde vært så deilig å sove helt til klokken ni, siden det var søndag. Jeg sa at hvis hun syntes det var deilig, kunne hun jo i sin alder sove til klokken ni eller lenger hver dag, men det sa hun ikke gikk an. Hun vevet og farvet så lenge det var nok dagslys, og siden spant hun. Det går med svært mange arbeidstimer til et teppe.

Jeg vet ikke sikkert hvor mange billedtepper hun vevet, men jeg tror det er 35 større pluss endel mindre. Med "større" mener jeg omtrent som de syv største her på utstillingen. Alle de større har havnet hos mine søstre og meg, våre barn og barnebarn med én unntagelse, og det er teppet "St Johannes - Plantaren", utstilt her, som hun ga til Vågåheimen. Men endel mindre tepper ga hun til gode venner, bl.a. her i Vågå, og noen av disse teppene er også utstilt her.

Enkelte ganger gjorde hun noe som var annerledes. Her ser dere et lite teppe som ikke er av spelsau-ull men av damestrømper, slips og annet brukt tøy, klippet opp i lange strimler, som i filleryer, men vevet som billedvev.



«St. Johannes Plantaren». Kartongen er av Bjarne Rise. Foto: Norman Hansen Meyer.

En dag, da hun var ganske liten, malte min yngste datter, Astrid, et bilde, og det har jeg her, innrammet. Det er vel det man kaller nonfigurativt. Hun ga bildet til sin farmor, som syntes det var riktig kunstnerisk særlig med den sorte flekken midt i det røde - den hadde kanskje kommet dit ved et uhell - og hun sa at hun ville veve etter det. Her ser dere resultatet. Jeg er meget glad i den lille puten. Jeg legger disse tingene her, også et fotografi av den unge kartongmalerinnen foran sitt staffeli, så de som vil kan se på dem etterpå.

I anledning av sin 80-års dag i 1972 stilte Mor ut 24 av sine tepper i Moss Kunstforening, og siden har noen av dem vært på utstilling mange steder: i Kunstnerforbundet, Oslo, Kunstindustrimuséet, Oslo, i Stockholm og Prag. Ett har vært på Høstutstillingen i Oslo. Utstillingen i Kunstindustrimuséet hadde med et lite teppe, og her ser dere kartongen. Det heter "Hanan i kurven", men den som skrev om utstillingen i Vårt Land, gikk visst litt surr i navnene på teppet og veveren, for i den avisen stod det at teppet het "Hansen i kurven".

Mor holdt på å veve til hun var nokså gammel. Da hun vevet teppet "Hagar og Ismael", som er her, var hun 84 år, og jeg tror det var det siste. Det var øynene som sviktet. Men hun måtte ha håndarbeide, og det ble mye strikking. Etterhvert som synet ble verre, ble mønstrene enklere, og tilslutt var det ullsokker hun strikket, så alle i familien fikk gode forsyninger av dem. Jeg bruker fremdeles varme sokker som hun har strikket.

Siste gang hun var på sitt elskede Odden var sommeren 1979. Hun bodde alene i sin leilighet, fikk hjelp med rengjøring og innkjøp, men klarte seg ellers selv, helt til februar 1987. Da flyttet hun til et aldershjem, og der bodde hun i tre måneder, til hun døde den 4. mai, 94 ½ år gammel og mett av dage.

Her er noen opplysninger om Oddens historie:

Den 30.9.1910 kjøpte Hans O. Odden av Staten en parsell på 14,4 mål på østsiden av Grytosbekken.. Jeg forstår at han da hadde bodd der en god stund og drevet gården uten å eie jorden, men jeg vet ikke hvor lenge. Bruket fikk navnet "Odden". I Årbok for Gudbrandsdalen 1956 står en morsom fortelling om Hans Odden og kones liv på Odden. Johan Flatum, som hadde kjøpt bruket, jeg vet ikke når, kjøpte av Staten i 1915, tinglyst i 1916, en tilstøtende parsell, "Grytosmyren", 6,7 mål, på vestsiden av Grytosbekken.

Generalkrigskommissær Jens Bratlie kjøpte stedet av Johan Flatum, men jeg vet ikke når. Han ville gjerne flytte husene høyere opp, og fikk kjøpe av Staten en parsell, "Veiranden", 5,5 mål, vestenfor parsellen "Odden", nordenfor parsellen "Grytosmyren" Det er der husene står nå. Da ble de tre parsellene slått sammen til ett bruk. Det var i 1929. Den 1.9.1939 kjøpte min far, Kristian Hansen, stedet, og det er min datter, Katrine Hansen, gift med advokat Peter Chr. Meyer, som eier det nå.

Tid for seterferd, pause ved Kløvjingsteinen

Av Ivar Teigum

Frå Lye i Vågå finst eit dokument frå 1367 om seterreise, som ikkje skulle gjerast etter Bottolfsmesse den 17. juni. Drygde det lenger, måtte dei rådføre seg med brukaren på Sunde på den andre sida av Vågavatnet.

Fire hundre år seinare vart denne datoen innskjerpa i Nordherad. Prinsippet som galdt i så mange hundre år og lenger, handla sjølvsagt om beiteforholda. Alle skulle koma seg til fjells samtidig til beste for vokster og avling heime i bygda. Alle som skulle til Heimfjellet og Sjudalen, passerte Sundbrua og drog oppover vegen som etter ei hending fekk namnet Britbrekka.

På kvar si side av stigen eit stykke ovanfor berget som blir kalla Sundsteinen, ligg to steinblokker. Nyleg er det rydda omkring dei slik at dei er lette å finne litt til venstre for hovuddråga. Dette er Kløvjingsteinen. Syver Berge fortel etter grannen hans på Søre Sunde at her kvilte Sundeskrivaren hestane sine på vegen til fjells. Som vi ser av den langvarige bruken av denne fjellvegen, var det nok mange både før og etter sorenskrivaren tidleg på 1700-talet som hadde glede av ei pause her øvst i lia. Men Sundeskrivaren var ein bauta i den lokale tradisjonen.

Henrik Jacobsen Schmidt var sorenskrivar i Nord-Gudbrandsdalen i åra 1688-1719. Han budde på Sunde, og åtte fleire andre gardar i Vågå og andre stader, mellom dei på Toten. Ved sida av embetet som sorenskrivar var han viselagmann på Opplanda og domar i overhoffretten, den høgste rettsinstansen innanlands i dansketida.

Henrik Schmidt var rik, kanskje den rikaste mannen i Gudbrandsdalen i si tid. Skiftet etter han fortel at han var god for 26000 riksdalar med gardar, buskap, innbu og lausøyre. Ein stor post var hestane. Skrivaren dreiv stort med hestavl, og hadde på den tid han døydde, 48 hestar. Det var ei verksemd som gav god avkasting under den dansk-norske heil-

staten, som var ein av dei mest militariserte i heile Europa. Kaskje ikkje rart han fekk namnet sitt knytt til Kløvjingsteinen på vegen til Sundesetra, og til Flatningen der han saman med vågåpresten rådde over fisket på halve vatnet.

Artikkelen er også publisert i Fjuken.



Sunde-setra på Moasetrene. Småkrytyrfjøs til venstre. Det var kuffjøs i eine enden av fjøset, dei to andre delane var stall med 24 spiltau for hestar. Fjøset vart rivi i 1948. Fotoutlån: Syver Berge.

Utlagte setrer på Laingstulen i Bøneslia

Av Vegard Veierød

Mellom Ottadalen og Heidal ligger vannet Melingen. På sørsiden av vannet ligger Bøneslia og området der Ivar Kleiven hadde seterpensjonatet sitt. I skråningen opp mot fjellet Gråhø lå det et par setrer som vi i dag ikke lenger legger merke til når vi går tur i området.

Det er få som vet at de setrene vi i dag kaller Øversetrene ble kalt Laingstulen eller Ladengsetrene. Paul Kleiven skrev om de ulike setrene her at Laingstulen var betegnelsen på lalmingenes setrer i Bøneslia.¹ Navnet er nå gått i glemmeboka for de fleste og kartprodusentene har heller ikke brukt navnet etter 1950. Kleiven mente at opprinnelsen til navnet lå i at Lalm tidligere var kalt Laingen. Disse setrene var ikke blant de første som ble anlagt her i området rundt Melingen da de lå litt lenger unna hjembygda enn seterområdet på Bringen.

Antagelig var det bekvemt å legge seter her fordi de to viktigste fedrifteveiene over Gråhø gikk på hver sin side av dette området i Bøneslia. En vei gikk via Moasetrene, Siplaus, Saghaugen og opp Bøneslia om Stokstad- og gamle Hammersetra. Den andre veien kom via Reiregrenda, Melsetra og opp på østsiden av Laingstulen. De to fedrifteveiene var forbundet med en vei som gikk på oversiden av setrene slik at alle hadde en direkte veiforbindelse (se kart 1 nedenfor). Setrene på Laingstulen er ikke nevnt hverken i matrikkelen av 1666 eller i høyskattmantallet fra 1691. Det antas derfor at de første setrene på Laingstulen ble anlagt med hus en gang etter dette og før 1730.

Teigsetra hadde ett av de eldste husene som er tatt vare på fra dette seterområdet. Seterstua stod inne på kvea som Engesetra har i dag. Huset ble solgt til de Sandvigske samlinger i 1919 og gjenoppbygd der i 1937. Dette sammenbygde huset bestod av to laftede buer med en selsgard imellom og felles tak. Den ene bua hadde årstallet 1730 innskåret over døra. Den andre antar man er fra 1600-tallet.²


Fogd Lyng var på befarings her i året 1800 og noterte at følgende gårder hadde setrer i Bøneslia: Stokstad, Hammer med to setrer, Eide, Øverlien, Skaar med to setrer, Teigen, Svendstad, Bolstad og Stade i tillegg til Bønes-sætrene der Øy og Kleppe hadde sine setrer.³ Hvilke av disse som var på Laingstulen var ikke nærmere angitt. På kart 1 fra 1832⁴ er det inntegnet fire setrer på Laingstulen (her angitt som "Laings sæterne").



I 1869 benyttet Gudbrandsdalskommisjonen navnet Ladengsætrene i sin innberetning om disse setrene i almenningen.⁵ Da var det følgende setrer på Laingstulen: Nedre og Øvre Skaar, Søre Stade, Pillarviken, Hammer og Øyhus seteren. Paul Kleiven nevner følgende setrer her på Laingstulen da han omtaler disse i ca 1936: "Ner-Skaarsæter, Pillarvik-sætra (utlagt), Sørstade-sæter, Kjølstadsæter, Øihussæter, Teigsætri og Stulsætri"¹. Øversætrene, som er dagens betegnelse på stedet, består nå av setrene til følgende gårder: Nedre Skaar, Øvre Skaar, Søre Stade, Teigen og Nørdre Enge. Flere av disse setrene har skiftet navn gjennom tidene og vært delt opp annerledes enn dagens grenser tilsier.

Det er to setrer vi kjenner til i dette området som er utlagte (dvs ikke i bruk lenger) og hvor husene nå er borte. Vi kan fortsatt finne igjen enkelte steinmurer under mye mose og einer som et minne om det som en gang var. De to setrene lå på hver sin side av Nedre Skaar sin seter. Det var Pillarviksetra og setra til Tamburplassen. Disse er merket som

henholdsvis I og III på kart 2. Dette kartet er fra 1870.⁶ Nedre Skaar sin seter er nummer II. Kart 3 viser grensene for Nedre Skaar sin seter i dag.⁷



Pillarviken seter

Da Kleiven omtaler setra til Pillarviken på 1930-tallet hadde den ligget brakk i en mannsalder og var helt falt sammen og overlatt til seg selv. Noen av husene kunne fortsatt sees og gav et minne. Seterstua hadde to årstall på den øvre dørstokken; 1714 og 1833. Det siste årstallet var påsatt da stua ble ombygd fra årestue. I tillegg var det en gammel mjølkebu og ei stue med selsgard i mellom som han antok var satt opp på samme tid som seterstua.¹ Da Gudbrandsdalskommisjonen var på befaring i 1869 nevnes setra som fult bebygget og benyttet som sommerseter. Setra var da på 12 mål, hadde seterstue, to fjøs og en låve og det var Iver Knudsen Pillervigen som eide og brukte setra. Pillervigen hadde i tillegg et engestykke på Bringen seter⁵. Seterkveen hadde egen inngjerding som gikk et stykke utover myra som ligger på nedsiden av veien ved siden av Nedre Skaar sin seterkve idag. I 1937 får Nedre Skaar samtykke til å legge inn 9 mål av det som tidligere utgjorde Pillarvikens seterløkke.

Tamburplassen seter

Tamburplassen hadde en liten seter som lå øst for Nedre Skaar sin seter. Denne setra tilhørte husmann Hans Eriksen under Nedre Skaar. Han hadde gården Tamburplassen ved Skårsbrekka. Hans Eriksen hadde selv innlagt og ryddet kvea på 1830-tallet.¹ Ivar Kleiven forteller i en av sine bøker om faren sin og Hans da de red om kapp med travhester på en bane de hadde laget på Melingsisen.⁸ Da Hans døde i 1863 ble plassen solgt ved frivillig auksjon. Eieren av Nedre Skaar setra, Hans Gudbrandsen, ville nødig at fremmede folk skulle komme til her og av den grunn

kjøpte hans bror Gudbrand Gudbrandsen denne setra. Etter hans død tilfalt den Nedre Skaar. Husene, som bestod av en stue, to fjøs og en låve, var i 1869 beskrevet å være i meget dårlig stand så stedet ble kun benyttet som slåtteland. Kvea var på 6 mål og deler av den ble da tillagt Nedre Skaar sin seter kve, mens resten ble stående og forfalle⁵. Paul Kleiven nevner at han kunne huske et par hus på tomta, men de var borte da han skrev en omtale i 1936.¹

Dersom du vil ta turen opp til Laingstulen der de to setrene og Teigro-stua lå er det enklest å benytte Bønesliveien og avstikkeren fra Lykkje-setra og opp til Øversetrene. Den sistnevnte delen av veien ble laget i 1946. Før dette gikk veien rett opp fra Hammer sin nye seter, sør for Lykkje-setra. Du kan også fortsatt følge det gamle råket som går fra vestsiden av Liasetra sitt jorde og kommer opp mellom den tidligere Pillarviksetra og Nedre Skaar sin seter. Dersom du vil gå de eldste



Teigsetra på Maihaugen.

fedrifteveiene fra Mela eller fra Saghaugen og opp til setrene så er det også fortsatt mulig. Det er altså en rekke alternative turveier du kan ta i bruk i dette lille området. Mer om Laingstulen og de andre setrene i Heimfjellet i ei bok om historia rundt vannene Flatningen, Melingen og Bjølstadvatnet som jeg kommer ut med senere i år. God tur!

Kildehenvisninger:

1. Kleiven, P.; *Sætre i Bøneslia*. Upublisert notat. Nordalsarkivet boks 13 i Kleiven arkivet. Antatt skrevet i 1936.
2. Sandvig, A. *Setertiliv og seterstell*. Tanum forlag, 1942.
3. Lyng, M.S. *Beskrivelse over de usolgte kongelige almenninger i Gudbrandsdalens fogderi*. G.Tank (red). Grøndahl & Søn, 1923.
4. Karttutsnittet er opptatt av C. Lund, 1832. Statens kartverk.
5. Indberetning fra den ved kongelige resolution af 22de December 1874 nedsatte kommisjon. *Statsalmenningerne i Gudbrandsdalen*. Det Mallingske Bogtrykkeri, 1884.
6. Karttutsnitt *Bønnesli sæter* i Stordalens og Langmarkens Almanning. Opptatt av L.Saxe 1872. 0515/3-32, Statskog SF.
7. Karttutsnitt fra www.gårdskart.no
8. Kleiven, I. *Elvesøg*. Gudbrandsdal Boklag, 1937.

Gamal kyrkjegard

Av Helene Hovden

Det er høgst truleg at det låg ein kyrkjegard sør for dagens tun på Sygard Valde i mellomalderen. Det er heller ikkje utenkjeleg at det kan ha stått ei kyrkje på staden der tunet ligg i dag.

Det stadfestar arkeolog Henriette Aasen ved kulturarvenheten i Oppland fylkeskommune. Eigarane er ikkje forundra over arkeologane sin konklusjon. Oppgjennom tidene har dei funne spor etter mange leivningar.

Nedanfor tunet

Det er i området rundt den gamle smia at det er gjort funn som tyder på at det har vore ein gravplass på garden. Ifølgje eigar, Randi Valde, vart det gjort funn av fleire hovudskallar i samband med graving av ei avløpsgrøft i 1909. Hovudskallane vart lagt ned i jorda att med det same. Ola Valde fortel at dei den dag i dag stundom finn bein i same område. –Det er ikkje langt ned i jorda ein skal før ein finn noko. Far min fann to da han bygde smia, seier Valde.

Ingen synlege spor

Det er ikkje mogleg å sjå avgrensingar i terrenget som tilseier at det skal ha lege ein gravplass her. Men arkeologane stadfestar det eigarane trur, at kyrkjegarden låg der smia og eldhuset står.

Etter Storofsen

Før Storofsen låg dei to Valdegardane ved det som i dag er Nordgard Valde, noko lengre nord vest. Sygard vart flytta til dagens tunplass tidleg på 1800-talet. Kyrkja er fyrste gong omtalt i eit skinnbrev frå 1410. I skinnbrevet står det at det har vore opplese til alle som stod på kyrkjebakken etter messa i Vistekyrkja. Truleg har jorda der Sygard Valde ligg i dag, ein gong i tida tilhøyrt Viste. Såleis namnet Viste-.


Sjølv om det har vore grave på bae sider av gardsvegen, er det berre på den sida som smia står at det er registrert beifunn. –Det var sikkert

ingen stor kyrkjegard. Det var vel vanleg med fleire mindre gravplassar ute i grendene, trur Randi.

Fleire synfaringar

Fleire av eigarane på Valde har vore kontakta av arkeologar opp gjennom tidene. Ola tykkjer det er rart at ingen har teke initiativ til å grave ut området for nærmare dokumentasjon. –Det kunne vore artig å visst, tykkjer han.

Artikkelen er også publisert i Norddalen.



Sygard Valde ca. 1900, nordgard Viste i bakgrunnen. Det er ved huset med den kvite pipa midt på biletet at det er gjort funn. Fotoutlån frå Sygard Valde.

PRESTER I VÅGÅ SOGN, ETTER 1745

Av Gunnar Ottosen

Omtale av prester fram til 1745 stod i fjorårets Jutulen, her kommer fortsettelse.

15. Johan Mikkelsen Storm, 1745-1776.

Johan M. Storm var født på Sagene i Christiania 28/12 1712, og ble gravlagt i Vågå 24/6 1776. Han var sønn av smed Mikkel Kjeldsen og Sophie Elisabeth Henriksdatter Storm. Johan Storm var først personlig kapellan i Lom i 1739. Så ble han plassert som feltprest ved det søndenfjeldske gevorbne Infanteriregiment i 1743. Så sies det at han deretter hadde fått et dansk kall, men byttet til seg Vågå prestegjeld med en gammel dansk prest, som ikke ville flytte fra Danmark. Johan Storm var gift 3 ganger:

- I) Med Magdalena Axelsdatter Stub, døpt i Christiania 31/10 1720, gravlagt i Vågå i juli 1747. Hun var datter av Axel Larssøn Stub og Kirsti Jørgensdatter. I dette ekteskapet var det følgende barn:
 - a) Sofie Elisabeth Storm, døpt i Lom kirke 4/1 1742.
 - b) Axel Storm født i 1744, prest i Drammen.
 - c) Christine Storm født 26/4 1746 i Vågå. Hun ble gift med neste sogneprest i Vågå, Peder Munch, og hun døde i Vågå, på Dale 13/1 1825.
- II) I 2. ekteskap, gift med Ingeborg Birgitte Røring, født på Thorshaug i Christiania i 1718, gravlagt i Vågå 21/3 1760. Hun var datter av soren skriver Edvard Røring og Gisken Leth fra Odalen. Barn i 2. ekteskap:
 - a) Edvard J. Storm, døpt i Vågå k 28/8 1749. Kom til Christiania katedralskole i august 1761, og videre til København universitet i 1764. Var en periode tilbake i Vågå, men returnerte tilbake til København, der han døde 29/9 1794.
 - b) Magdalena Johansdtr Storm, døpt i Vågå k 17/11 1750. Ugift, døde i Bergen 1820.
 - c) Gjedsken Edvardine Johansdtr Storm, døpt i Vågå k 5/12 1751, gift med apoteker Ole Bornemann Bull. Deres sønn Johan Storm Bull ble far til fiolinisten Ole Bull.

d) Elisabeth Cathrine Johansdtr Storm, døpt i Vågå k 8/9 1754.
III) I 3. ekteskap inngått 4/5 1761 med Johanna Magdalena Hauritz
(datter av daværende sorenskriver i Vågå, Carsten Hauritz Øi, født i
1719 og døde i Vågå 30/7 1782. Det var ingen barn i dette ekteskapet.

16. Peder Sørensen Munch, 1776-1786.

Peder Munch var født i Christiania 24/5 1740, og han døde på Land prestegård 27/10 1802. Han var sønn av Søren Rasmussen Munch 1686-1748, trelasthandler og kapteinløytnant i Kristiansand, og hans hustru Kristine Edvarda Røhring 1709-1784. Allerede som 11-åring ble Peder sendt til sin moster i Danmark – søster av hans mor – Marie Røhring, som var prestekone, gift med presten Praem i Tømmerby. Peder studerte ved Viborg skole i 1756, og ble ferdig cand.theol. i 1762. Kom så til Norge og ble kapellan til Ringeby i 1766. Så ble han utnevnt til sogneprest til Vågå sogn i 1776, etter Johan M. Storm. I 1786 ble han så utnevnt til sogneprest til Land prestegjeld, hvor han var til han døde i 1802. Peder Munch giftet seg i Vågå kirke 15. juli 1768 med Christine Johansdatter Storm, født Vågå 16/4 1746, døde Vågå, på Dale 13/1 1825. Et skifte på Dale datert 21/1 1825, viser følgende barn som arver:

1. Biskop Johan Storm Munch, 2. Sogneprest Edvard Munch, 3. Johanne Vang, sogneprest Vangs enke, 4. Kristine Petersen gift med kaptein Petersen, 5. Ingeborg Birgitte, gift med prokurator Søegaard, 6. Severine Brager, gift med landhandler Brager, 7. Malene Tronhuus, gift med proprietær Tronhuus, 8. Jomfru Gedskken Munk, Cathrine Vang, gift med kjøpmann Vang. Boet var brutto 888 og netto 601 spd. M.a.o. i ekteskapet til Peder Munch var det følgende barn:

a) Jacobine Edvardine, døpt Ringeby i 1770. Hun ble gift i Land kirke i 1791 med Marcus Frederik Bang Wang, født Røros 1760, sønn av kullfut Esten Wang og Magdalena Møller. Marcus Bang Wang ble prest i Vågå i 1803, og døde Vågå 5/1 1814.

b) Christine, døpt Ringeby 1772. Ble gift med løytnant Ole Pedersen Aanderud på Toten.

c) Magdalena, døpt Ringeby i 1773, gravlagt i Vågå i februar 1776.

d) Ingeborg Birgitte, døpt Ringeby i 1774. Hun giftet seg 16/6 1806 i Vågå kirke med prokurator Rasmus Gjøde Søegaard, fra København, som fra 1829 var sorenskriver i V.råbyggelaget. I første del av ekteskapet bodde de på Sel, og de fikk flg. barn: 1. Peder Munch, døpt 10/7 1808, gravlagt i juli 1808. 2. Johanne Edvardine, født 16/11 1809. 3. Erich Munch, døpt 4/6 1811. 4. Caroline

Søegaard, døpt 13/12 1812. 5. Wilhelmine Frederikke, døpt 7/8 1814. 6. Peder Munch, født 24/4 1815. 7. Ingeborg Birgitta Rasmus datter født 30/4 1816.

e) Severine, døpt Ringebu i 1775. Gift med landkremmer Nils Brager i Land.

f) Magdalena, født i Vågå 31/7 1777, døde i Vågå 31/3 1829. Hun ble gift i Vågå kirke 1/8 1815 med enkemann Jens Jensen Trondhuus. Flg. barn i ekteskapet: 1. Peder Munch Trondhuus, født 8/5 1816. 2. Johan Munch Trondhuus, født 17/4 1818. 3. Marcus Frederik Bang Wang Trondhuus, født Vågå 13/8 1819. Jens Trondhuus var først gift med Ingelev Sørums (hun døde i nov 1813, 31 år gammel.). Jens Trondhuus giftet seg en 3. gang 9/6 1830, 51 år gammel, med pike Marit Iversdatter Blessum, 28 år. Det var ett barn i dette ekteskapet: Barbro Jensdtr, født 19/3 1831. Jens Trondhuus døde 22/7 1845.

g) Johan P. Storm Munch, født i Vågå 31/8 1778, døde som biskop i Kristiansand 26/1 1832. Han var forfatter og prest, regnes som en av forløperne for nasjonalromantikken. Var feltprest under felt toget 1808-09, og ble biskop i Kristiansand fra 1823.

h) Edvard, født i Vågå 16/2 1780. Ble gift i 1810 med Johanne Sophie Hofgaard. Prest. Bestefar til maleren Edvard Munch.

i) Gidsken, født i Vågå 13/5 1781, døde ugift i 1859.

j) Elisabeth Cathrine, født i Vågå 2/10 1782, og døde året etter.

k) Catharina, født i Vågå 13/11 1783. Ble gift med søskenbarnet i Christiania, baker Søren Wang, i hans 2. ekteskap.

l) Søren Munch, født i Vågå 5/6 1785 og ble gravlagt i Vågå i mars 1786.

17. Johan Henrik Reinhardt, 1786-1802.

Johan Reinhardt var født i Helsingør i 1734, der faren var borger av byen. Han gikk på Helsingør skole og fikk sin embetseksamen i 1761. Han ble så residerende kapellan til Fredrikstad i 1761, så sogneprest til Rendalen i 1773. Ble så utnevnt til sogneprest i Vågå 24/9 1786, og innehadde embetet til han døde i Vågå 25/11 1802. Johan Reinhardt var regnet som en medgjørlig og spinkel mann. Han ble gift med Else Marie Momsen, født ca 1741. Har funnet følgende barn:

a) Momm Mouritz Reinhardt dødt ca 1775, var kapellan i Vågå i 1801.

b) Christian Reinhardt, født 1777. Han hadde en sønn u/ekteskap, døpt Vågå kirke 11/8 1799 – Christian Christiansen – der morens navn er en Johanne Røen

- c) Johan Reinhardt, født 1776, var i 1801 i København.
- d) Peder Abraham Reinhardt, født 1780. I tillegg kommer ytterligere 3 sønner (navn ukjent) som var i København 1801. På tellingen 1801, står det også nevnt ei datterdatter Else Kari Lund, 12 år, så de hadde også ei datter (navn ukjent), i tillegg til ovennevnte sønner.

18. Marcus Frederik Bang Wang, 1803-1812.

Marcus F. B. Wang ble født på Røros 1/10 1760. Han var sønn av Kullfut i Holtålen Røros, Esten Markussen Wang og hans 2. hustru Magdalena Maria Larsdatter Leth Møller. Marcus fikk sin cand.theol.eksamen 23/4 1786. Ble utnevnt til kapellan til Land 28/3 1788, og ordinert først som sogneprest til Trysil, deretter til Vågå 24/3 1803. Han giftet seg i Land kirke 12/7 1791 med eldste datter til Peder Munch – Jacobine Edvardine Pedersdatter, døpt i Ringebu kirke 9/12 1770 – døde i Christiania 1/3 1853. Det var følgende barn i ekteskapet:

- a) Peder Munch Wang, født i 1792. Ble utdannet til prest og bodde i Drammen, der han døde i 1842.
- b) Christine Storm Wang, født 1793 i Fluberg. Ble gift i Vågå kirke 31/8 1815 med Anders Trosdahl, lensmann i Vågå.
- c) Eistin Wang, født 1795 og døde i 1880.
- d) Søren Wang, født 1797. Ble gift med Marit Knudsdatter Moen.
- e) Johan Storm Wang, født 1800 i Trysil. Yrke dikter.
- f) Edvard Storm Wang, født 6/12 1802. Bosatte seg i Halden og var kontrollør for Statens brennerier. Gift 1828 med Andrine Rytterager. Edvard døde i 1871.
- g) Edvard Frederik Wang, født i Vågå 18/12 1803. Drev som kjøpmann. Ble gift med Else Ellingsen. De emigrerte til New York i 1836. Han døde i 1871.
- h) Marcus Frederik Bang Wang, født i Vågå 18/12 1803. Var også handelsmann, og ble gift med Susanne Eggum. De emigrerte til New Orleans i 1835, hvor han døde samme år.

19. Liv Bork Fietzetz, 1815-1830.

Han var døpt i Trondheim domkirke 4/10 1768. Foreldrene var Josias Fietzetz og Elenora Hedvig Borch. Liv tok sin theol. Embetseksamen i 1791, og ble i 1792 utnevnt til residerende kapellan til Slidre. I 1799 ble han resid. Kapellan til Norderhov, og 22/4 1814 ble han så utnevnt til sogneprest til Vågå, hvor han var til han døde 27/1 1830. Liv Fietzetz giftet seg i 1804 med Stinchen Poulsdatter Schioldager 1750-1811, hun

Professorens kloke Norddølar

Av Kristian Hosar

Lillehammer-journalist Oddvar Rakeng har skrivi bok om professor Ivar Enge fødd 1922, frå Vågå. Dermed blir vi betre kjend med den merkelege saga om "Bosseungane", 14 gåverike norddølar som på 1940- og 50-talet vart kosta fram til artium og embetseksamen av den eksentriske svensk-norsk-tyske professoren Ewald Bosse.

Ewald Theodor Bosse, 1880-1956, blir hugsa i norddalen – av ulike grunnar. "Ingen, bortsett frå Ragnvald Skrede, har vore så heitt hata i Vågå som Bosse, - og ingen har heller vore så velsigna av nokre vagværar. Den dag i dag vekker minnet om Bosse sterke og komplett motsette kjensler etter kven ein snakkar med", skreiv Egil Ulateig i Årbok for Gudbrandsdalen i 2005. Hovudanklaga mot professoren var at den styrtrike Ap-sympatisøren raserte gamle gardar på jakt etter profitt. Hjelpa småkårsungane fekk av den særeigne professoren, gav han derimot positivt omdømme i vide krinsar.

Rik svensk familie

Kven var professor Bosse? Han var fødd i Stockholm, slekta var tysk adel. Faren var forlagsbokhandlar, ein av dei mektigaste i nordisk bokverd; mora var av den kjende Lehmannætta i Danmark. Familien budde vekselvis i Sverige og Norge. Bosse vart først offiser, seinare cand. jur. Og heldt fram med økonomi- og sosiologistudier i Frankrike, Tyskland og England. Han tok doktorgrad i Kiel i 1914 på eit verk om hanseattida i Norge og vart professor ved universitetet der. Bosse fekk mykje skryt for dette arbeidet i Tyskland, men vart slakta i Norge. "Eit makkverk som ikkje fyller dei mest elementære akademiske krav", sa professor Jacob Worm-Müller. Norge ville ikkje ha Bosse. Det hjelpte ikkje at statsminister Nygaardsvold personleg foreslo at han skulle bli professor i Oslo. Bosse hadde gode vener heilt inn i dei inste romma i Arbeiderpartiet.

9. november 1916 kom Bosse til Vågå, der han tidlegare hadde vore på ferie. Nå var han på gardhandel. Han handla først Rottem på Lalm for 22.000 kroner; eigaren hadde kjøpt garden for 7.500 tre år tidlegare. Like etter sikra Bosse seg staden som ofte har gått under namnet "Riddar-Sandbu", noko seinare den gamle sorenskrivargarden Lye.

Pengane tente professoren på spekulasjonar i Tyskland, skoghandel på Finnskogen og bygardar i Oslo. Frå 1930-talet budde Bosse i den eksklusive Solstua i Holmenkollåsen, bygd av generaldirektør Sam Eyde i Norsk Hydra ved århundreskiftet. Under krigen vart den storslåtte bygningen rekvirert av nazistane. Bosse flytte til Lye.

Bosse-ungane

Da oppsto fenomenet "Bosse-ungane". Den rike professoren plukka ut dei mest gåverike ungene i Vågå og gav dei utdanning og ei framtid dei ellers aldri ville fått. Lærarane hjelpte til med å plukke ut dei ljosaste hovuda i bygda. Ein av dei var Ivar Paul Enge. Han var bilmekanikar i Oslo da han vart spurd om å kome til Bosse på søndagsmiddag. Bosse ville koste utdanning på han, artium og universitetsstudiar. Enge var teknisk interessert og ønskte seg til NTH. "Nei", sa Bosse. "Du skal studere medisin!" Slik vart det. Enge tok embetseksamen i København, doktorgrad i 1977 og vart professor, sjef på Aker sjukehus, internasjonalt kjent forskar og Ridder av 1. klasse av St. Olavs Orden. Ein annan Bosse-elev, ringbyggingen Harald Bergseth, gjekk på Klones for å bli agronom, men vart kapra av Bosse. Bergseth fekk ei lysande akademisk karriere med doktorgrad og professorat i jordbrukskjemi på Ås. Eit anna eksempel i denne særeigne utdanningssoga er dei tre brørne Saastad frå Lalm, Edvin, Gustav og Olav. Olav vart direktør i Finansdepartementet, Gustav lektor/rektor på Otta, Edvin personaldirektør i staten.

Ville ikkje bli doktor

To av borna til lærar Martinus Høgåsen i Vågå var Bosseungar, Liv og Sigmund. Liv vart lektor, Sigmund også, men var skeptisk til Bosse, og meinte at gardsspekulanten var ein skurk. Han tok imot tilbodet om pengar, men ville ikkje studere medisin, slik Bosse krevde. Sigmund ville bli realist. Da han tok den første eksamen og Bosse fekk sjå karakteren, protesterte han ikkje meir.

Bosse betalte skolepengar, semesteravgifter og faglitteraturen ungdommane trong kjøpt. Elevane budde gratis hos Bosse og fekk 100-200 kroner i månaden å leve for, ein bra sum rundt 1950. Til og med teaterbilletter fekk dei. Om søndagane var dei middagsgjester hos Bosse og fru Margit i den staslege Solstua. Kvifor kosta Bosse utdanning på bondeungdommane? Ivar Paul Enge gav dette svaret til Aftenposten for nokre år sidan: - Bosse reagerte på at stillinger og muligheter var betinget av arv og ikke av ferdigheter. Et av hans stående uttrykk var at samfunnsutviklingen er avhengig av at "vi henter nye friske trær fra skogen".

Dei gåverike kvinnene

Bosse-familien var gåverike på mange måtar. Professor Bosses eine syster var Harriet, ein periode gift med August Strindberg, seinare med Edvin Adolphson, og i si tid Sveriges mest kjente skodespelar. Alma gifta seg med Johan Fahlstrøm og dreiv teater. Ei tredje søster var operasongarinna Dagmar Bosse Møller. Professor Bosses kone, prestedottera Margit, gav store summer til religiøse og sosiale tiltak, mellom anna til å byggje kyrkjer.

Les meir:

Egil Ulateig: Bosse og borna hans i Vågå. Årbok for Gudbrandsdalen 2005.

Kristian Hosar: Bosses kloke hoder. GD 11. nov. 2000.

Rita Harildstad: Tar fortsatt på operasjonsfrakken. GD 4. nov. 2000.

Artikkelen er også publisert i Norddalen.


Ein utvandrar – som kom att

Av Knut Raastad

Frå 1801 til 1865 vart folketalet i Vågå med anneksa Sel og Heidal dobla frå 3820 til 7659. Men det var ikkje grunnlag for å sysselsetja og fø så mykje folk, så mange fann seg nytt levebrød på kysten frå Nordvestlandet og nordover. Men den største flytjinga skjedde med utvandringa til Amerika.

Folketalet gjekk ned med 1167 til 6492 i 1900, medan folketeljinga i 1910 viser 6763. Det var frå den amerikanske borgarkrigen var slutt i 1865 og fram til 1915 at den store utvandringa skjedde frå Vågå. Bygdaboka viser til statistikk som nemner 3700-4000 utvandrar fram til 1905, men også neste tiåret reiste mange, så kanskje så mange som 5000 utvandra frå Vågå, Sel og Heidal.

Det var nok jord dei fleste utvandrarane frå Vågå var ute etter, og dei reiste såleis til prærien som strekkjer seg frå midt-vesten til Rocky-Mountains. Statens landmålarar tildelte kvar enkelt nybyggjar ca 650 mål etter president Lincolns Homesteadlov frå 1862, dette vart kalla ein kvart, d.v.s. $\frac{1}{4}$ av ei kvadrat-mile. Ei mile er ca 1610 meter, ein kvart vart da 805 meter x 805 meter.





Tor Raastad på farmen framfor uthuset. På førre sida ved bustadhuset.

Landet vart utdelt gratis under forutsetning av at dei dyrka opp ein del og dreiv det i minst fem år. Etter som jorda vart oppteken, vart det nybyggjarområde stadig lenger vest. Canadian Pacific- og Canadian Northern-jerbanene var ferdige sist på 1800-talet, og Canada delte ut land på same måten som USA.

Til Alberta i Canada


I 1911 var det langt nord i Alberta i Canada som var aktuelt for den som ville ha jord, dette kan seiast å vera heilt i utkanten av den store prærie-sletta. Tor Raastad var som andre som var oppvakse med jordbruk i Vågå ute etter å få seg gard, men gardgut var han ikkje så det var utvandring som var alternativet. Han har fortald at han vurderte Australia, men det var vel enklare å reise same vegen som dei fleste andre. I mars 1911 gjekk turen til Kristiania og med dampbåt til Hull i England. Frå Hull går det jernbane til Liverpool der Amerikabåtane gjekk frå. Store delar av dei som utvandra frå Nord-Europa reiste ut frå Liverpool. Det vart ei veke å vente i Liverpool før han kom i veg. Dei som skulle til Canada gjekk i land i Halifax i Nova Scotia og reiste vidare med jernbane, han som skulle til Alberta reiste over nesten heile Canada. Simen Sandbu reiste over året før og brukt 11 døgn over Atlanteren medan togreisa tok fem døgn, reisa frå Kristiania kosta 238 kroner.

Tor Raastad var fødd 14. desember 1888, han gjekk amtskulen (statens svar på folkehøgskule) i Ringebu 1907-1908 og jordbruksskulen på Stor-Hove 1908-1909. Lærar på Stor-Hove Per Ulven hyra han som agronom

på Ulven på Rudshøgda året etter. 1910-1911 var Tor agronom på Håkenstad. På landbruksskulen og kanskje også på amtskulen gjekk han saman med Simen Sandbu frå Gammel-Sandbu i Sel.

Simen hadde 1910 reist til brørne sine ved Camrose sør-aust for Edmonton. Edmonton er ein av to større byar i Alberta og ligg midt i provinsen, medan Calgary ligg i sør. Frå Edmonton reiste Simen og eine brøren nordvestover same vegen som Klondykefararane på 1890-talet, opp til Athabaska River og vidare oppover Freeman River. Klondykefararane og seinare andre hadde rydda veg i skogen, men det var usikkert om distriktet der kunne bli befolka fyrste tida; så dei reiste attende til området ved Paddle River der Simen fekk festa seg land om hausten. Paddle River-området som seinare fekk namnet Barrhead ligg om lag 150 km nordvest frå Edmonton, og om hausten drog Simen dit og fekk bygd seg hus og grave brunn før han returnerte til brørne for å vera der strengaste vinteren.

Tor Raastad reiste til Ole og Hans Sandbu ved Camrose og vart der henta av Simen Sandbu. Han fekk seg land som næraste grannen sør for Simen, og budde hjå han fyrste tida. Om dagane var det nydyrking av jord, medan kveldane vart brukt til å byggje hus. Det var noko skog og kratt, men det var óg opne flater etter brannar. Tor skaffa



Simen Sandbu til venstre.

seg eit par uksar som hadde namn etter to irske kongar. Mykje av nydyrkingsarbeidet var å få opp røtene, og Tor meinte at uksar var betre til dette enn hestar. Uksane gjekk berre på, medan hestane hadde lett for

å berre sleppe att i att når når det vart for tungt. Samanlikna med nydyrking av steinut jord i Vågå gjekk dyrkinga fort. Simen som brukte hestar skriv at han fekk pløyd 50 dekar fyrste sommaren i 1911.

Besøk frå Norge

Tor fekk seg opp både stugu og uthus og skaffa seg buskap. Kyrne gjekk saman med kalvane og vart ikkje mjølka. Det kunne vera kalde vintrar så dei kunne frøyse seg kring mulen, men dei gjekk ut og inn som dei ville. Viss Tor reiste frå, var det berre å opne låvedøra, så fekk krytyra forsyne seg sjølve. Ellers hadde Tor høner, dei vorp og kunne koma fram att med kyllinglegde. Hausten 1912 fekk Tor besøk av onkelen sin, Mathias Raastad.

Han hadde tidlegare vore i Amerika, men denne gongen reiste han berre for å besøkje Tor. Han hadde vel både tid og øknomi til det, men det er likevel rart å tenkje på at frå 100 år sidan reiste Mathias nærast berre som turist. Mathias vart der nokre månader, og denne tida var det godt i matstellet for han hadde tid til å mjølke og laga forskjellig mat av mjølka. Ellers var det berre å setja på gryta og ta børsa med ut i skogen og skyte fugl, hare m.m.



Damebesøk.

For å skaffe seg inntekter tok Tor seg ulikt arbeid, for eksempel skogsarbeid. Ein plass haugde dei slip til jernbanesviller. Dei dreiv på til og med i julehelga. Skogsleiren var om lag som eit sommarfjos, med mange

båsar. Kommunikasjonen gjekk på engelsk, det var i denne skogsleiren han hørde ein kar prata slik engelsk at Tor spurde kvar i Lom han var frå. Det stemde, mannen var lomver (Jotun?). For å lære språket gjekk Tor på kveldskurs, dette var ei tid han var på arbeid i Edmonton. Kanskje det var den tida han arbeidde med å støype fortau.

Næraste grannen austafør var ein finne som heitte Carlson, han vart ein god kamerat. Ein gong arbeidde Tor og han i hop i ei sandgruve. Det kunne vera tøffe forhold på arbeidsplassane, ei episode i sandgruva viser det. Ei hakke stod att på kanten av ei bratt skråning og basen brukte seg og krevde at denne vart henta. Det vart Tor til å hente ho og han fekk tak i hakka, men gruva rasa saman i det han kom seg unna. Sinnet gjorde at han kasta hakka, men skaftet trefte basen så han datt i bakken og vart liggjande. Tor visste ikkje om han hadde slege i hel mannen, så han og Carlson tok på rømming. Heldigvis viste det seg at basen kom seg att.



Frå venstre Tor Raastad, Henry Sundt og Hallvard Sunde, alle frå Vågå. Hallvard Sunde hadde farm ved Barrhead.

Det var langt til grannane, i gjennomsnitt var det 800 meter til kvar granne i sør, nord, aust og vest. Dei fleste var einslege unge menn, men også ein og annan familie var nybyggjarar. På spørsmål om det ikkje kunne vera einsamt der, svara Tor at nei, han hadde da Coli (hunden).




Tor Raastad og Simen Sandbu.

Ein kar i Barrhead som var fødd i 1910 kunne i 1997 fortelja at han ikkje hugsa Tor Raastad for han var berre liten da Tor var der, men han kunne hugse namnet. For som han sa, dei var så få at dei visste om einannan og heldt saman. Festlege samankomster kunne det og vera, og Tor hadde fele og spelte litt.

Til USA

Våren 1916 ville Tor og Simen sjå meir av Amerika, dei leigde bort farmane og reiste med jernbana til Winnipeg, over USA-grensa til Dulluth, til Minneapolis og vidare til Fargo i Nord-Dakota. Arbeidsformidlinga i Fargo skaffa dei fyrst arbeid hjå ein tysk farmar. Han hadde mange hestar til våronnarbeidet, i tillegg hadde han 10 kyr. Dei tok atterhald om at dei ikkje ville mjølke (det var kvinnfolkarbeid den tida), men da han likevel sette dei til dette slo Tor på mjølkebytta og lot som at det var kyrne som sparka bytta i veggen. Dermed overtok tyskaren att sjølv for ikkje å få ødelagt mjølkebytta. Etter dette reiste dei til Minneapolis, der arbeidde dei ei tid med å laga ein tunnel til ei mølle.



Tor Raastad til venstre, Simen Sandbu til høgre. Truleg i Minneapolis.

I dag er det populært med Kina-restaurant, i Minneapolis var Tor ofte innom hjå kineserar og fekk seg havregraut. Det var forheng rundt borda, og kinesarane kom ofte fram frå der. Ein gong fann han rottelort i grauten så han skvetta maten innom disken att. Dei vart sinte og fekk tak i ein politimann, men etter at Tor forklarte seg var det greitt, for kinesarane stod ikkje høgt.

Til Norge

Fyrst i desember 1916 bestemte Tor og Simen seg for å reise heim att til Norge ein tur. På det norske konsulatet i Minneapolis fekk dei veta at båten Oslofjord skulle gå frå New York om stutt tid. Toget gjekk om Chicago og Washington, det var truleg eit eige tog som samla opp dei som skulle med båten, og i Washington er ca. 250 av dei fotograferte framfor Capitol. Vi kjenner att Tor der. Fotograferinga tok lang tid, og ein som stod på eine sida gjekk bakom og kom fram att på andre sida, dermed vart han med to gonger på same biletet. USA var ikkje gått med i krigen, men tyske ubåtar hindra frakt til dei vestallierte så båten gjekk

oppunder Island for å vera langt frå ubåt-hamnene. England kontrollerte at det ikkje vart frakta noko som Tyskland kunne få tak i, så Oslofjord vart losa inn til Kirkwall på Orkenøyene og både lasta og privat bagasje vart undersøkt. Tor fortalde at han batt eit silkesjal rundt livet, dette skulle vera ei gåve til mor hans. Etter eit par døgn slapp dei vidare og over Nordsjøen til Bergen. Dei kom vel fram, medan Oslofjord vart torpedert og senka på turen attende til Amerika.

Frå Bergen gjekk turen med Bergensbana til Kristiania og vidare med toget til Otta. Framme i Vågå var ikkje Tor før i romjula 1916, han kom ein kveld det var ball på Folkevang og da var det rett på fest i staden for å ta heim att. Og der trefte han Eldrid Sande som han vart gift med. Meininga var at det berre skulle vera eit stutt besøk i Norge, men Eldrid var gardjente, og da vart det gard på han likevel. Men det var vel og som Simen Sandbu skriv: "Vi hadde ikke mer end såvitt kommet til Norge, så blev det tvungen militærtjeneste i Canada. Og som vi var i netop den alder som først skulle ut, så visste vi at det skulle gå med os som med våre venner i Canada som hadde reist frivillig. Vi skulle umiddelbart bli sendt til Frankrike, og sat ind i de fremre linjerne framfor engelskmænnene." Simen Sandbu vart etter eit par år bestyrar av ein stor gard ved Väneren sør for Karlstad i Sverige, og i 1927 kjøpte han denne garden. Etter at Tor kom heim att var han med på fjosbyggjinga på sygard Raastad i 1917, vinteren 1917-18 leia han ei større ved-drift i Veggums-morken, medan han 1918-1920 var almenningsbestyrar i Langmorken. Frå 1921 overtok han og Eldrid gardsdrifta på Sande.

Også etter at han kom heim att kunne Tor gå med pistol på seg.



Farmen i Canada hadde Tor leigd bort, og i 1924 vart han seld. Prisen var 1050 dollar, 7100 kroner. Amerika-kufferten vart ettersendt, og inneheld enda brev og papir frå Amerika. Ola Weggum hjepte til med utleige og salg av farmen. Han hadde også teke vare på fela, ho vart sendt heim att i 1966. I dag er heile farmen nedbygd av ein liten by, Barrhead, på området er det bustadområde, idrettsanlegg, bensinstasjon, museum, hotel, kro m.m.



*Ingvild Øyjordet, Gaute og Anders Raastad
på det som var oldefars farm, på året 100 år
etter at han kom der.*

Kjelder:

Digitalarkivet: Folketeljingar 1801, 1865, 1900, 1910.

Ivar Teigum, 2004: Bygdebok for Vågå og Sel, Band 2.

Aschehougs Verdenshistorie, bind 11 og 12, 1986.

Aschehougs Norgeshistorie bind 9, 1997.

Wikipedia.

Simen Sandbu, nedskrivi 1963-1965: Minner og opplevelser.

Brevsamling etter Tor Raastad (frå O. Weggum, O. Sandbu, H Sandbu,

C. Carlson m. fl.).

Hans Raastad.

Eigne minne.

I fyrste verds- krigen

Av Knut Raastad

Norge stod utanom fyrste verds-
krigen. I ei samling gamle brev finn
vi likevel ein vagver/selver som var
i krigen i Frankrike. Brevet er
stempla med at dei har vore gjennom
sensuren.


France 28-4-18.

Gode Frænde!

*Fik dit brev 28-3-18 forige søndag,
men har haft det saa travelt at jeg ikke
har faat tid til at svare før nu. Skulde
egentligt arbeit i dag ogsaa, - laa og
vented paa transportation til omtrent*

*middagstid, men den kom ikke og saa fik vi fri hele eftermiddagen. Vi er nu
i sælen sent og tidligt. Fritz bombarderer os tak om til baade fra jorden og
luften. Ser af dit brev, at du tænker dig tilbage til Canada. Jeg faar min del
skulde have lyst til at gaa en tur til Norge fyst. Hvis jeg kommer gjennem
skjærsilden her, og det blir fred engang, saa vil jeg sørge om orlov en
3 maaneders tid til at besøge mine fædres land. Ser af dit brev, at du har
vovet at seile "udi ægteskabs hav." Gratulerer med begivenheden og ønsker
eder all lykke for livet. Frankrige og belgiens smukke døttre har et godt øie
for os kanadiere, men det er vanskeligheder med sproget forstaar sig. Her er
et fint landskab, men gaardene og folkene ogsaa er svært gamledags, har
lagt merke til at en hel del af dem bruker træsko, træharver med trætinder
i o.l. Hvor slagene har staat, er praktisk alt ødelagt. For slutte med en
hjertelig hilsen til eder alle fra hvor kanonene tordner.*

Din ven Ole.



France 12-7-18

Gode Ven! (Norwegian)

Vil sende dig nogle linjer for at lade dig vide at jeg endnu er i tjeneste. Vi har nu en tid vedligeholdt frontlinjerne, men er afløst og en del af os er nu paa special-tjeneste indtil videre. Vi har vært svært heldige siden vi kom over her. Bare en mand er blidt let saaret i vort kompani, siden jeg kom til det, skjønt tysken har gjortt alt i hans magt for at ødelægge os. Det har vært koldt veir her i hele sommer. Det er den koldeste sommer jeg nogensteds har oplevet. Jeg laa et par dage af den berømte spanske influenza, men det var ikke noget videre ondartet tilfælde. Er Simen endnu derover og hvad agter du at gjøre, stoppe i Norge eller gaa til Canada? Som du ved kan jeg ikke fortælle svært meget fra her, saa jeg maa slutte for denne gang. Vil du lade mine andre slægtninger vide at jeg er vel, var det bra. Hils kjændte og vær selv paa det beste hilset, fra din ven og broder i aanden.



Ole.

Ole J Weggum var fødd i 1885. Faren var Johannes Sunde 1847-1917 og mora Guri nordgard Veggum 1941-1908. Guri og Johannes flytte frå einannan, ho attende til Veggum, slik at barna brukte dette namnet. Johannes (kalla Jehans) vart einebuar i Sjodalen med jakt og fising som levebrød, i Jutulheimen er det eit maleri av Kristen Holbø som viser Johannes ved Svartberget. Også sonen Amund Veggum budde ei tid i Sjodalen. Ole (kalla Ola) reiste som så mange andre til Amerika, han fekk seg farm i Alberta i Canada.

Ole J Weggum reiste saman med Simen Sandbu og Tor Raastad over til USA. Dei reiste ulovleg over grensa ved å hoppe på eit tog som gjekk i liten fart i motbakke, på togvogna trefte dei eit par svenskar som var ute i same ærend. Dei vart oppdaga, men det var greitt berre ein av dei vart med og skuffa kol. Og det vart Ole Weggum, med sveitte og kolstøv såg

dei andre berre det kvite i augo hans. Ole må ha reist attende til Canada, men så seint som i juni 1917 var han i Minneapolis. USA gjekk med i krigen i april 1917, Ole Weggum skriv slik i kort 14.6.1917:
«Gode Frænde! Nu maa du bruke aandens sværd Tor og sende budstikken til Vinland, ellers rustner alting bort. Alting staar nu i krigsgudens tegn, selv onkel Sam ifører sig uniform. Hilsen Ole.»



*I Edmonton 1914. Bak frå høgre Tor Raastad og Ole J Weggum.
Fotoutlån frå Sande.*

Canada innførte verneplikt i august 1917. Før dette hadde mange meldt seg frivillig, mange trudde at det skulle bli reine ferieturen til Frankrike. Men det vart noko anna, kanskje 10 mill. soldatar miste livet i denne krigen. På vestfronten i skyttargravene i Frankrike var det umenneskjelege forhold. Dei nedskrivne minna til Simen Sandbu viser at han meinte at dei frivillige frå Canada vart plassert i fremste rekkje framfor engelskmennene og såleis vart kanonføde. I brev frå Ole Sandbu i desember 1918 går det fram at av 2000 mann som reiste frå Edmonton samtidig var det att berre 160. Men etter at det vart tvangsutskrivning, kom mange frå

Alberta ikkje lenger enn til England. Og som Ole Weggum skriv i brev i juli 1918 hadde dei vore heldige til da, berre ein frå kompaniet hans var lett såra. Om dei var i fremste line i skyttargravene går ikkje fram av breva. Krigen slutta i november 1918, men det tok noko tid før Ole Weggum kom attende til Canada. I februar og mars 1919 finst det brev og kort frå Liverpool, medan Ole i mai var i London. Men før reisa over Atlanteren fekk han også tid til å reise attende til Vågå og Sel. Attende i Canada arbeidde han ei tid hjå han som hadde overteke hans gamle homestead. Han skriv om at ein del folk som har teke homestead og fått lån til å kjøpe hestar og krytyr har gjeve opp heile stasen til regjeringa, og ein del land er vorte tvangsseld fordi skatten ikkje har vore betalt. Men det går ikkje fram at dette er grunnen til at Ole Weggum har seld farmen sin.

Hausten 1921 fekk Ole tak i nytt land, gjennom ei ordning med rimeleg land for soldatar fekk han tak i to "kvarter" (1300 da). Ole Weggum vart i 1923 gift med Mari Bolstad f.1881, han skriv at *"Jeg fulgte den gamle jødiske patriarsk raad og giftet ikke nogen av Cananitenes døtre, og fik derfor tag i en fra Dalenes Dal. Det er derfor et splinternyt Dølaheim i Alberta."* Seinare selde dei farmen og flytte til Montana i USA. Etter at Mari døydde reiste Ole attende til Norge, dette var seinare enn våren 1966 for da skreiv dei brev frå Montana. Etter at han kom attende budde Ole hjå syster si Rønnaug på Håmår, han døydde i 1970.



Bryllaupsdagen til Ola og Mari. Bak Anton Bolstad og Alma Mauland.

Kjelder:

Brevsamling etter Tor Raastad: mange brev og kort frå O.J.Weggum, brev frå Ole Sandbu m.fl.

Simen Sandbu: Minner og opplevelser.

Pål Øystein Kvarberg: Slekter i Vågå og Lom, 2000.

Hans Raastad.

TRESKJÆRING I NORDHERAD

Av Elin Hestdal Grev

Hausten 2011 hadde Nordherad Grendalag og Nordheradsprosjektet utstilling på Midli med treskjæring i Nordherad. Både folk som budde i Nordherad eller kom frå Nordherad var representerte. Vidare var det gjenstandar som nå er i Nordherad, sjølv om treskjæraren var frå ei anna bygd. Den fyrste vi nemner gjorde mykje arbeid i Nordherad:

JAKOB RASMUSSEN SÆTERDALEN 1756-1821

Født i Bruøygard i Vårdalen, Lom. Død i Vågå (var registrert i Vågå 1801, folketellinga). Han førte vidare tradisjonane frå Skjåk-Ola og Jakup Klukstad, og er nok kanskje den som, nest etter Skjåk-Ola, har hatt mest å seia for utviklinga av treskurden i Gudbrandsdalen.

Han dreiv både snekring og treskjæring, og var kjend for stugu-innreiingane sine. Desse gjorde han mange av, da helst på dei større gardane i Vågå, Lom og Heidal. Sæterdals-skåp er eit begrep på stuguskåpa etter han. Og han gjorde òg veggjeskåp og ymse anna, som rullarfjøler, grautembare, bostkast, mønespir og vinds kier. Og ikkje minst er det han som har skore preikestolen og korbogen i Lomskyrkja. Jakob Sæterdalen heldt fast på krillskurden / akantusen, der han som så mange andre sette sitt eige uttrykk på. Den vart mjuk og roleg, skir og rein under hendene hans. Han var òg kjend for at han med åra vart noko sær og eigen av seg, og ville helst gjera ting på eige gjerd. Ikkje alltid slik som kjøparen ynskte.



ANDERS TASSMYRHAUGEN 1790-1863

Fødd på bruket Odden under Søre Kleiven i Ottadalen. Fekk bygsla ein flekk i skrint og bratt lende i Statsalmenninga i Nordherad kring 1840. Denne staden, som han kalla Tassmyrhaugen, vart truleg rydda den tida han var husmann under Mo (Holshaugen 1838). Stugu som kom opp der står idag på Sæta. Seinare da sonen Tor gifta seg og fekk familie rydda Anders ein ny heim, Svastugu, like ved. Denne stugu står idag på Kjøpanger.

Anders kunne både timbre og skjæra, men det han skar er nok det som har gjort han kjent for ettertida, og han hadde sin heilt særeigne skurd.

Han skar mykje grautembare, men lagga ikkje sjølv. Dette gjorde grannen Imbert

Kleiven, før sonen Tor tok over. Elles gjorde han rullarfjøl, øltrøyser, ljåkagger, kruthorn, øskjelokk, kruthorn og ymse anna. Mønospiret i Bessheim er gjort under handa hans Anders. Det fanst ei tid

rullargonger og embare etter han på mang ein

gard i Nordherad, men mykjy er diverre burte frå grenda nå. Anders hadde ein særeigen djup og vakker krillskurd med kraftige avrunda drag. Linene er vare og reine. Det er ein eigen dåm over arbeidet hans, som om han har lagt att litt av sjela si i kvart drag. I kvar krull. Han må seiast å vera den siste av dei store innan døla-skurden på 1800-talet.



TOR TASSMYRHAUGEN 1822-1863

Tor var eldste sonen til Anders Tassmyrhaugen. Overtok heimen etter faren. Tor lagga ein del som faren skar, men han var òg flink treskjærar sjølv. Så kor mykje han eigentleg skar sjølv er usikkert, men ein del var det nok. Arbeidet etter Tassmyrhaug-karane er ikkje godt å skilje frå einannan, kven som har skore kva. Men dei som er godt kjende innan treskurden vil nok kunne sjå skilnaden på dei.

HANS OLSON HELLELØKKEN 1792-1858

Han er fødd i Hellelykkja, død på Ulsanden, der han etterkvart vart buande, og difor òg vart heitande Ulsandsnikkern. Var farbror til den òg omtala Erik Helleløkken. Ulsandsnikkern gjorde stuguskåp og stuguinnreiingar, skatollskåp og klukk-kasser. Men han gjorde nok òg andre og mindre ting, som handklekast og høvelstokkar, og han skulle vera parlaus til å gjera treskjeier. Skatollskåpa hans var det støtt S-koll på, og der S-ane møttest var eit vakkert spir. Mange har gjort dette, men få hadde slik auga for skapnaden og forholda på skåpkollen. Han har truleg vore i lære hos Jakob Sæterdalen, da skjæringa hans er sterkt prega av same gjerd. Ei tid innførde han stil med sterkt moderne preg. Han prøvde seg visstnok med noko nærast mosaikkarbeid av ymse tresortar i snekringa si. (På Mo skal det ha vore ei klukk-kasse av han på slik gjerd, men det må evt. vera den som ei av gammel-kvinnfolka brende opp!) Men denne stilen slo ikkje særleg godt an, da den gamle dølagjerda og krill-skurden sat godt forankra. Så han gjekk meir attende til denne etter kvart. Ettermålet til Hans fortel nok at han var ein av dei dyktigaste bygdakunstnarane Vågå har fostra.



ERIK HELLELØKKEN 1829-1904

Brorson av Hans Olsson Helleløkken (Ulsandsnikker'n). Truleg er det av denne Erik lærde seg treskjæring, for han skar mykje, før han vart sjuk, på skåp som farbroren snekra. Erik vart sinnssjuk i 23-årsalderen. Historia fortel at han ein gong seinhaustes skulle besøkje kjærasten sin på ei seter og vadde over Finna. Vel framme slapp han ikkje inn og måtte overnatte i ei høyløe. Etter denne turen vart han sjuk og låg lengje i sterk feber. Da han etterkvart kom seg, var han ikkje til å kjenne att, og han hadde ei framferd som skremde både dei næraste og grannane. Slik vart det anmoda at han måtte sperrast inne, det var broren Knut som fekk pleie-ansvaret for han. Han vart fastlenka i klevan der han sat i 20 år.

Seinare sat han på Gaustad i 10 år. Erik bad um reidskap til å skjera ut med, men broren torde ikkje la han få nokon ting. Etterkvart hadde han fått lirka ut 2 spikar frå veggen og slipt dei på omnen. Med tida fekk han òg tak i jernbitar som han gjorde seg små knivar av, åvbrote fil omgjort til skulpejern, bitar av glas, bor laga av ein strikkepinne og han hadde blyant og bryne. Med desse sjølvgjorde anbo fekk kunstnaren i han utlaup. Han gjorde ei mengd små øskjer i ymse former, brilleetui, papirknivar ,skjeier, knivskaft og ymse anna. Det heitest at han arbeidde om natta når ingen såg kva han dreiv med, og at han gjøymde alt sitt arbeid i ei stor kasse, der gjøymde han òg reiskapen han skar og krota med. Denne kassa sat han alltid på og vakta ho elles vel,-ingen fekk sjå!



KNUT VOLE (KNUT OLSEN HELLELØKKEN) 1849-1929

Knut var født i Hellelykkja i Nordherad av foreldre Ole Olsen Helleløkken (1821-94) og Marit Knutsdatter Lyngved (1825-1909). Gift 1869 i Vågå med Kari Olsdatter Gjelet. Onkelen til Knut var Erik Helleløkken, onkelen til faren var Hans O.Helleløkken (Ulsandsnikkern). Så han var av god treskjærar-ætt. Knut var legendarisk fjellfører og turistvert. Han byrja som fjellfører på Røisheim, bygde opp Juvasshytta i 1874 og seinare Galdhøpigghytta. Stamfar til Vole-slekta. Knut dreiv med treskjæring attåt turistnæringa, og skar ut små gjenstandar som han selde til både turistar og sikkert andre òg.

KRISTOFFER KNUTSEN STORVIK 1805-1884

Han er truleg fødd i Trælviken. Faren var frå megarden Storvik og vart brukar der. Seinare overtok Kristoffer, men laut gjeva frå seg garden ca.1865 og han levde seinare som føderådsmann der. Han gifta seg 56 år gamal med Mari Klonesbakken (1831-1917). Eldste sonen Knut (1858-1925, bestefar til Kristoffer Ulsbu) kjøpte Ulsbu i 1892. Kristoffer Knutsen var onkel til den kjende treskjæraren Johannes Jørgensen (n.Visdal) Odde (1848-1926).



Peisen på nordgard Viste skal vera hoggje av Kristoffer Knutsen Storvik, men truleg er dette bestefaren. I øvre stugu på nigard Kvarberg er det òg ein peis som liknar mykje på denne.

JO RUSTOM (JOHN OLSSON RUSTOM) 1863-1958

Født og oppvaksen i Rustom. Budde ei tid hos skyldfolk og grannar i Vetlsæter etter at han vart gamal. Døydde på Vågåheimen. Reiste som så mange den tida til Amerika, 22 år gamal. Men kom heimatt kring 1914 for å stelle for dei gamle foreldra sine. Han hadde ikkje stifta eigen familie, og var dermed lausreipa nok til å kunne bryte opp. Jo var flink treskjærar og hadde nok fleire flinke håndverkare i slekta, både sylvsmed, timbrare og tre-skjærare. M.a. var bestefaren, Jo Olsson, kjend som ein sær dyktig timbrar som var med og sette opp låven på Klones. Jo skar mykje småting, som bilet-ramer, speilramer, smørformer og anna. Etterkvart vart det graut-embare, desse var det Sjugurd Grevrusten som lagga åt han Jo i byrjinga, seinare lærte han seg lagging sjølv. Han gjorde òg mange handklekast, stolar og elles truleg kva det måtte vera spurdnad etter.



ØYSTEIN BRATTLAND 1901-1987

Vart kalla Estin. Budde på garden Brattland. Bygde seg eigen verkstad på garden, og dreiv mykje med ymse trearbeid. Ein stor del av dette var treskjæring, som han hadde gode evner til og godt auga for. Han var sløydlerar på Framhaldsskulen i Vågå i mange år. Øystein var med den kjende Per Haugen og skar i Skåbu- kyrkja

NILS (OLSEN) VALDE 1903-1984

Født og oppvaksen på garden Sygard Valde i nedre Nordherad. Overtok garden etter foreldra og dreiv produksjon av vass-spreiare for salg, ved sidan av gardsdrifta. Nils gjorde sitt fyrste arbeid i tre 13-14 år gamal. Dette var eit lite veggje-skåp, og det var bilet-huggar Jo Visdal (far hans var frå Valde) som lærde han tre-skurd. Da Nils var i 18-20 årsalderen gjekk han på Hjerleid på Dovre. Der gjorde han seg stugu-klukke og spel-rame.

I 1928 gjorde han seg eit stort framskåp i modell etter Jakob Sæterdalen som han òg måla sjølv. Seinare gjorde han fleire ro-skåp, spel-ramer, grautembare og skrin m.m.



TOR (SEVALDSEN) SANDNES 1904-1990

Født og oppvaksen på garden sygard Sandnes, i nedre Nordherad. Syskjenbarn til Nils O.Valde. Tok over garden etter foreldra, og selde den seinare til Rolv Aanstad i 1969. Da tok han til med lagging og treskurd på embare. Desse gjorde han for salg. Han gjorde òg ein del laupar. I 1975 bygde han seg hus, saman med kona Ragna, i øvre Langskåre og fløtte dit.



ERLAND GREV 1915-1999

Var gardbrukar i Grev, nedre Nordherad.

Han var fyrst og fremst mekanikar og smed, men arbeidde òg ein del i tre, både snekra og skar. Denne lærdomen kom nok frå far og bestefar som båe var handverkare. Hadde mekanisk verkstad, med snikkerverkstad, på garden og hadde folk i arbeid der. Det vart produsert vass-spreiare med egen patent i omlag 30 år, likeeins ved-klyvare og kappsager vart produsert i seriar. Han gjorde sitt fyrste vesle hengjeskåp 14 år gamal. Og 17 år gamal gjorde han roskåp med skurd på som han måla.

Seinare opp gjennom åra dreiv han noko med trearbeid, men skar ikkje mykje. Det var helst til eige og familiens bruk og hugnad, eit og anna vart gjeve burt, andre ting var gjort etter bestilling.



AMUND SVEUM 1899-1981

Fødd på Nedre Sveum i Nordherad, og budde der. Amund var sjøl-lærd. Han hadde nok gode evner, men var ikkje av dei som var så heldige å få koma ut i lære. Var svært flink til å teikne, og gjorde fine krillar når han hadde blyant i hånda, t.d. på avisa eller anna papir. Byrja truleg å skjera i 20-årsalderen. Arbeidet han gjorde var slikt som rullarfjøl, rohyller, handklehyller, skrin o.l. Altså mindre ting som ofte var til eige bruk, men eit og anna vart òg gjeve burt, helst som gaver til nokon i familien. Reiskapen han brukte var berre to knivar og eit lite jern. Når ein ser på arbeidet hans fortel det litt om kva evner han var utrusta med.



ASBJØRN TROLLDALEN F.1920-D.?

Født i Trolldalen i Vågå, nørdest i nedre Nordherad. Overtok Grasdalen i Lia, Lom og sette bu der. Var gardbrukar og snikker og treskjærar. Gjeikk på Hjerleid hos lærar Per Haugen, og hadde seinare òg noko utdanning frå Danmark. Asbjørn arbeidde sjølv som lærar ei tid,- ei periode på Hjerleid og ei periode i Rørvik. Han bygde seg verkstad i Grasdalen og hadde stor produksjon innan snekring og treskjæring. Ei tid hadde han ansatt folk der, m.a. Reidar Marstein, Gunnar Kleiven og Kristoffer Ulsbu. Asbjørn gjorde fleire Sæterdals-skåp og fleire Skjåk-Ola-skåp. Vidare handklekast, rullarfjøl, slagbenkar, bord, han gjorde alt. Til Garmos-kyrkja gjorde han eit vakkert prosesjonskors som kyrkja fekk i gave.



PÅL ERIKSSON KLEIVEN (PAUL ERIKSON STOKSTADEIE) 1842-1934
Født på husmannsplassen Neset. Det er fortalt om Pål at han gjette feet på Kleppe i ungdomen, og at han vart borte ein dag og kom ikkje att før det var gått eit halvt år. Da hadde han vore i Trondheim, og ifylgje han sjølv kom han att som utlærd snekker. Han busette seg i øvre Kleiven og fekk 7 born. Den yngste sonen Hans Kleiven bustte seg etterkvart i Jordet i søre Nordherad.

PÅL JORDET 1914-2000

Budde i Uppstad, gift med Ragnhild Høgberget. Pål E. Kleiven var bestefar hans. Pål Jordet arbeidde som snekker, og også i skiferbrot i Nordheradslia. Gjekk på treskjærarkurs hos Edvard Bakkom fyrst i 70-åra. Skar mykje for sal.



IVAR VISTE FLATUM F. 1937

Fødd og oppvaksen i Vågåmo, slekt frå Nordherad. Vart tidleg interessert i treskurd, som det fanst mykje av i heimen, og han arva nok òg denne interessa frå faren. Begynte på arbeidsskulen i Vågå hos Øystein Brattland og gjekk der vinteren 1953-54. Øystein oppmoda han til å byrja på skulen på Hjerleid på Dovre, der var han vinteren 1955/56 og 56/57. Seinare gjekk Ivar på Statens Husflidsskule. Etterkvart vart han lærar i Folldal frå 1963-1967. Så gjekk ferda til Hjerleid, her vart han verande som lærar frå 1967-2000. Som pensjonist fløtte han heimatt til barndomsbygda Vågå. Ivar må idag seiast å vera ein stor kapasitet innan treskurden, det vera seg å teikne og skjera i tre sjølv, eller om det gjeld kunnskapen om mange av dei som gjekk treskjærarvegen i tida før oss.

ANTON SKOGVANG 1918-2005

Født i nedre Valbjørslykkja i øvre Nordherad. Anton vart bureisar i Skogvang da han fekk skild ut grunn i 1946 frå oppigard Kvarberg. Gjekk på kurs hos Edvard Bakkom. Tok til med treskjærning om lag fyrst på 1970-talet, etter at dottera Anna òg hadde gått kurs. Gjorde eindel for salg. Anna Skogvang f.1941 gjekk på treskjærarkurs i Østfold fyrst på 1970-talet, og driv dette som hobbyarbeid.



Olav Valbjørsløkken 1917- er bror til Anton Skogvang og onkel til Anna. Han var netthendt og flink med ymse trearbeid.

På utstillinga var det ellers arbeid etter Sjugurd Nilsson Byre, Lom 1793-1850, Hans Ryen 1888-1980, Ola O Vidal 1922-2010, Eilev Lindsø, Dovre 1906-1985, Geir Ådne Lindsø, Dovre f.1951 og Øystein Bleka f.1954.

Foto: Elin Grev, Anne Grøslund og Knut Raastad.

Fela etter gamel-Ringnes`n

Av Ola Grøslund

Ola Jakobsen Ringneset (1811 – 1902) vart ikkje mindre enn 91 år gammal, og han var aktiv spelemann nesten til det siste. Fela hans skulle vera av dei likaste som var i bygda.

Det er omtala at han selde fela da han skjønnte at barnebarnet Minst-Ola ville bli spelemann. Ein lærar, Sigurd Einbu, kjøpte ho att og gav ho til guten siste skuledagen. Da Minst-Ola kom heim att til bestefaren sin med fela, utbraut Gamel-Ringnes`n: *Ja, e fæ nå vel fan piske meg lære deg å låte, leill da.*

Minst-Ola Ringneset reiste til Amerika så fela vart med dit. Broren, Støst-Ola, var òg i Amerika, og sonen hans, John, skulle få fela av onkelen. Vilkårret var at han skulle spela eit vek av ein spesiell reinlendar. Det gjorde guten, og fela var hans. John reiste til Noreg 11 år gammal og var her til han var 22 år, reiste så til Amerika att og var der til han var 33 år. Fela var med på alle desse ferdene, så ho har kryssa Atlanterhavet mange gonger. Dette var da John O. Visdal (1890 – 1957), som var spelemann og sentral kjelde for fleire, mellom dei Kristian Gården. Fela har vore i familieeige heilt til det siste, men nå har Vågå historielag fått henne.

Kjelder:

Samtale med Ola J. Visdal.

Mathias Øvsteng: Vågå spel- og dansarlag, 1952 - 1992 (jubileumsbok).



Vågå Historielag: Årsmelding 2011

Arrangement

Historielaget har hatt fleire foredrag / kveldsseto i Jutulheimen. Mette Vårdal fortalte om Edvard Storm og hans samtid. Jon Severud heldt foredrag om A.O.Vinje etter Ferdaminne 1860. Egil Ulateig tok for seg flukta til kongen og kronprinsen i 1940 og om kva dei gjorde under opphaldet på Sandbu. I samband med Besseggløpet hadde historielaget visning av Jo Gjende-bua der Gaute Vole kåserte om Jo Gjende.

Vidare har historielaget hatt omvisning på Gardsøy. Kulturminnedagen vart markert med historiske vandring frå Sagflaten på Tolstadåsen til Nedre Rusten, der taugbana frå Bårstad til Sel var tema. Kjell Vollheim viste rundt på klebberproduksjonsanlegget på Sagflaten. Historielaget har starta med innsamling av gamle bilete, m.a. var det ein fotokveld i Jutulheimen. Bileta blir skanning og lagra elektronisk, etter kvart vil dei bli utlagt på heimesida *vaagaa-historielag.org*. Vågå Historielag har saman med dei andre historielaga i Nord-Gudbrandsdalen skaffa gamle bilete til utsmykning på Lokalmedisinsk senter på Otta, desse er forstørta og innramma.

Jutulheimen

Gudbrandsdalsmusea as står for drifta av Jutulheimen. Gudbrandsdalsmusea as har hatt mange arrangement og i museumssesongen har dei hatt ein del aktivitetar. Ny utstilling om Jo Visdal er på plass. Tørrstugu er restaurert og sett opp att i området ved vass-huset, i samsvar med ny arealplan. Vindugo i Sundstugu er restaurert og isolasjon mellom etasjene er utskifta.

Prestgarden

Hovudbygningen vart brukt til utstillingar under Vågå-dågå. Utstillinga til kunstnaren som bur i paktarbustaden var også tilgjengeleg reisten av sommaren, og frå november har han leigd Studeren til sine aktivitetar. Paktarbustaden er bortleigd som bustad medan låven, aurbua og del av fjøset er bortleigd som lager. Det er utført brannførebyggjande el.sjekk i bustad og hovudbygning, og all installasjon i Studeren er utskifta.

For betre sikring er det installert brann- og innbrots-alarm, dette er gjort mogleg ved privat g ve fr  ein sveitsisk Norgesvenn og tilskot fr  Stiftelsen UNI. Det er starta vedlikehald av lysthuset og takrenne p  eldhuset er skifta. Ellers er det utf rt steinplukking og tils ing i tunet.

Laget ellers

Fr   rsm tet 11. mars 2011 har styre vore dette:

Knut Raastad, styreleiar. Dag Aasheim, nestleiar.

Reidun S nstelien, H kon Ulsand og Arne Strand. styremedlemmar.

Bjula Ulsletten, Even Luseter og Jonny Brenden, varamedlemmar.

Det har i  ret vore seks styrem ter, og varamedlemmane m ter p  lik line med styremedlemmane. Laget har 430 medlemmar.

God oppslutning om frivillig medlemskontingent gjer utgjeving av  rsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er heftet utlagt for salg. Historielaget kostar pynting av gravene til Jo Gjende, Ivar Kleiven og Trond Eklestuen. Pull ybua er bortleigd som anneks til nabohytta. Nordheradsprosjektet som disponerer Fl ten melder om at stugu, stabbur med aurbu, vasshus og eldhus er ferdigrestaurert. Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og st tte i  ret 2011.



Fr  toppen av taugbana mellom B rstad og Sel.